

Øystre Slidre kommune

Årsrapport 2025

Årsmelding og årsrekneskap

Framlagt av kommunedirektør 27.mars 2026 (2026-05-08)



Innhald

Forord.....	4
10 på topp	5
Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling.....	9
Økonomirapportering drift	9
Status §5-4 andre ledd (løyving drift til tenesteområda).....	9
Status §5-4 første ledd (løyving drift sentralt).....	11
Generelt om kostra-tala i årsrapporten	12
Netto driftsresultat.....	12
Disposisjonsfond (fri egenkapital).....	14
Finansforvaltning.....	16
Gjeldsforvaltning	18
Kraftforvaltninga	20
Investeringar	22
Status investeringsprosjekt	23
Samfunns- og befolkningsutvikling	26
Personal og organisasjon	27
Rekruttering	27
Sjukefråvær	27
Uføredel.....	29
Likestilling.....	29
Arbeidstid / deltid	31
Etisk standard.....	32
Miljø.....	33
Kommunedirektøren sin internkontroll	33
Kommunen sine tenesteområde.....	35
Kommunedirektør - fellesområde.....	35
Opplæring og kultur	37
Helse og omsorg.....	45
Tekniske tenester	53
Årsrekneskap med notar	60
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....	60
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	61
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6.....	62
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	64
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	65



Balanse per 31.12.....	67
Notar til regnskapet 2025	69
Vedlegg.....	79
Vedlegg 1 Bruk av eideomsskatteinntekter til nærings- og utviklingsføremål 2025	79
Vedlegg 2 Forslag til budsjettendringar 2026	81
Vedlegg 3 Tilstandsrapport skule	82
Vedlegg 4 Vesentlege budsjettavvik i økonomisk oversikt drift	82
Vedlegg 5 Frivilligsentralen	82
Vedlegg 6 Interkommunale tenester - årsmeldingar motteke frå andre	83
Vedlegg 7 Sjølvkostområder - etterkalkyler	1



Forord

Årsmeldinga for 2025 viser om vi har brukt meir eller mindre pengar på dei ulike tenesteområda enn det kommunestyret har løyvd i budsjettet. Årsmeldinga viser også om måla som kommunestyret har gitt er nådd eller ikkje nådd, og forklarar vesentlege avvik.

Rekneskapen for 2025 viser eit positivt netto driftsresultat på 6 mill. Etter eit negativt resultat i fjor, er det godt å sjå ei betring og eit positivt resultat, sjølv om resultatet er lågare enn handlingsregelen som skal sikre god økonomistyring (1,17% mot 1,75% av sum driftsinntekter), og 9,3 mill. svakare enn budsjettet. Hovudårsaka til det betre og positive driftsresultatet i 2025 er eit særst godt resultat frå sal av kraft. Vi har hatt meirforbruk i tenestene, særleg innan helse og omsorg.

Kommunen tæra på disposisjonsfond i 2025, som ligg godt under handlingsregelen som skal sikre god økonomistyring.

Jobb nummer ein for kommunen er å yte gode tenester til innbyggjarane. Det har vi gjort i 2025, og vi har i stor grad nådd dei måla kommunestyret har gitt oss. Eg vil takke alle tilsette i kommunen for den gode innsatsen som er gjort i 2025 til det beste for innbyggjarane.

Jostein Aanestad

kommunedirektør

10 på topp

Økonomiplanen utgjør handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen:

- Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
- Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
- Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Nedanfor fylgjer dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden. Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret blir orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane og i årsrapporten.

Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023.

Kommunen hadde i 2025 eit sjukefråvær på 9,8 %. Talet på 9,8% er 2 prosentpoeng under 2023-nivå, og ein nedgang på 0,2 prosentpoeng frå 2024. Sjukefråværet er framleis for høgt, men er no om lag på nivå med perioden frå 2018 - 21.

Fleire av tiltaka i «plan for redusert sjukefråvær» er gjennomførte, og sjukefråvær har hatt eit tydeleg fokus gjennom 2025.

Arbeidsmiljø har hatt fokus i heile organisasjonen gjennom 2025. Det vart m.a. gjennomført eit to-dagars leiarseminar for leiarar med personalansvar i august.

Vi skal gjennomføre tiltaka i plan for rekruttering.

Kommunestyret vedtok i februar plan for styrka rekruttering. Vi er godt i gang med å gjennomføre fleire av tiltaka i rekrutteringsplanen, som t.d. meir bruk av sosiale media, oppstart av video i annonser, samarbeid med NAV og karrieresenter og bruk av ungdom som stogovakter. I tillegg har vi større merksemd rundt intern rekruttering og vi har utarbeida ulike malar m.a. intervju, referanseintervju og rutinar for oppfølging i prøvetid. Vidare er det utarbeida informasjonsmaterieill for nytilsette og lagde utkast til ein arbeidsgjevarstrategi. I tillegg til tiltaka i planen deltek to medarbeidarar på eit omfattande kurs i KS-regi om strategisk rekruttering.

Vi opplever eit større søkjargrunnlag til stillingane våre, men det er for tidleg å konkludere med at dette er ein følgje av tiltaka frå rekrutteringsplanen.

Vi skal i planperioden gjennomføre tiltaka i oppvekstplanen som gir barn og unge ein trygg og god oppvekst i kommunen.

I 2025 har oppstarten av læringsmiljøprosjektet vidareført og vidareutvikla mange av tiltaka i oppvekstplanen sin handlingsdel i tillegg til at vi har gjennomført kompetanseheving innanfor foreldrerettlegg. Dei tverrfaglege strukturane er vidareutvikla og har vorte take meir i bruk i løpet av året.

Det er sett eit ekstra fokus på unge vaksen som ikkje er i utdanning, jobb eller andre sysselsettingstiltak. Aktuelle tenesteområde, NAV og stabsavdelinga samarbeider i dette arbeidet.

Dei fleste tiltaka i planen er gjennomført, evaluert, vidareutvikla eller vurdert som lite hensiktsmessig etter utprøving. I 2025 starta vi opp eit samarbeid med oppfølgingstenesta og Valdres vidaregåande skule med mål om å lage ei samarbeidsavtale for å sikre vidare oppfølging av ungdom som har fått ekstra bistand av vidaregåande sitt støttesystem. Det er ei sårbar tid når dei går ut av vidaregåande, og skal meistre liva sjølve.



Kommunen har starta eit arbeid med å få på plass eit ambulerande ressursteam som kan gå tverrfagleg og tidleg inn når vi oppdagar skeivutvikling. Målet er å kunne jobbe direkte inn mot den som har utfordringa og førebygge vidare skeivutvikling. Oppstart av ambulerande ressursteam vil bli i 2026.

Vi vil innan 2026 greie ut verknadene av mogleg endra skolestruktur, med vekt på verknad for læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Vi skal sikre brei medverknad frå FAU, tilsette m.fl. i arbeidet.

Planprogrammet for utgreiing av mogleg endra skulestruktur vart klar i 2025. I utarbeiding av planen var tillitsvalde, FAU-leiarane og kommunestyrekomiteen involvert. Arbeidsgruppa er etablert, slik at arbeidet med utgreiinga kan starte opp tidleg i 2026.

Vi skal i løpet av 2025 revidere arealdelen av kommuneplanen og i den samanhengen ta i bruk arealrekneskap som metode i arealforvaltninga.

Arealdelen av kommuneplanen har vore på full 2. gongs og på geografisk og tematisk avgrensa 3. gongs høyring. Etter desse høyringane låg det føre 20 motsegner, 19 frå Statsforvaltaren og ei motsegn frå Mattilsynet. Vi har hatt møte med Statsforvaltaren og Mattilsynet for å løyse motsegnene, og motsegna frå Mattilsynet er løyst og 18 av motsegnene frå Statsforvaltaren er løyst. Det var ei motsegn frå Statsforvaltaren om resipientkapasitet og utbyggingsvolum som ikkje vart løyst i løpet av 2025, og arealplanen kunne difor ikkje vedtakast i 2025.

Vi skal i løpet av 2026 gjere ferdig friområdet Furustrand som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå.

Ny tilkomstveg med fortau til Furustand vart gjennomført sumaren 2025.

Prosjektering av bryggjeanlegget med badstue og oppgradering av kioskbygg med nye toalett og lagerhall for båtutstyr vart prosjektert i 2025. Beitostølen Helsesportsenter har bidrege i planlegginga, for å sikre god universell utforming av anlegget. Vi har søkt om ekstern delfinansiering for utbygginga. Tilbudsprosessen blei langt på veg gjennomført i 2025.

Vi skal i løpet av 2026 vedta ein strategi for areala og bygningane på Løken gard og bidra til høg aktivitet ved nasjonalt senter for fjellandbruk.

Vi vil lage strategien for areal og bygningar på Løken etter at arealdelen av kommuneplanen er vedteken i samråd med Nasjonalt senter for fjellandbruk. Senteret ved dagleg leiar og styret er trekt inn i arbeidet med arealstrategien for Løken gard, og vi gjennomfører dei tiltaka senteret ønskjer innafør budsjettamma vi har. Kommunen har sett av 300 000 over eigeidoms-katt-inntekta til eit samarbeidstiltak for å redusere konflikten mellom beitenæringa og anne bruk av utmarka. Tiltaket vil bli gjennomført i 2026.

Vi skal aktivt ønske velkomen nye arbeidsplassar og ta positivt i mot nye initiativ, der vi ser moglegheiter og ikkje begrensingar. Vi skal heie på alle eksisterande arbeidsplassar og bidra med legge til rette og sjå moglegheiter.

Alle som tek kontakt med kommuneadministrasjonen med forslag om sikring eller utviding av eksisterande verksemd eller etablering av ny verksemd vert ønska velkommen og følgd opp.

Vi vil ved revidering av ny arealdel av kommuneplanen sikre at nye næringsareal vert tilgjengelege. Motsegna knytt til næringsområdet på Mørken er løyst. Vi har inngått avtale om overtaking av grunn for utviding av næringsområdet på Raudbrøtmoen og har varsla oppstart av reguleringsplan for dette området. Det er særskilt viktig for etablerte verksemder å kunne utvide arealet sitt der, samstundes som vi får næringsareal å tilby for verksemder som vil etablere seg i kommunen.

Vi har gjennomført ei undersøking om næringsvenleg kommune som del av eit regionalt prosjekt i Valdres. Undersøkinga gjekk til næringsdrivande, politikarar og medarbeidarar i administrasjonen. Undersøkinga legg eit godt grunnlag for å utvikle næringsarbeidet regionalt og lokalt.

Vi samarbeider med Valdres Næringshage for utvikling av eksisterande verksemder og etablering av nye verksemder. Får vi spørsmål om etablering av ny verksemd, opprettar vi dialog med Valdres Næringshage, som følj sjølve etableringa, medan kommunen følj opp i høve plassering av verksemda og ev. utbyggingar.

Vi skal invitere til Rein naturglede gjennom m.a. å:

- **vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå**
- **sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder AS.**

Arbeidet med å utvikle Beitostølen og Øystre Slidre til det best tilrettelagde reisemålet i Noreg held fram med god framdrift og auka kapasitet i 2025. Prosjektet er organisert gjennom INKLU, med deltaking frå Beitostølen Helse- og idrettsenter, Beitostølen Utvikling, Visit Valdres, Valdres Natur- og Kulturpark og Øystre Slidre kommune. Prosjektet har fått nasjonal merksemd, og i september vart det signert ein oppdragsavtale med Access Norway, med ei ramme på 400 000 kroner, for utvikling av ei ny verktøykasse for tilgjengelegheit. Denne skal gjere det enklare for både bedrifter og destinasjonar å arbeide systematisk med tilrettelegging, og set prosjektet i førarsetet nasjonalt på dette området.

I august deltok kommunen og BHSS på Arendalsuka, som gav både inspirasjon og ny kunnskap, og bidrog til å posisjonere Øystre Slidre og Beitostølen som leiande på inkluderande reiseliv.

Vi har etablert ei pilotgruppe med verksemder i kommunen og Valdres. Det er gjennomført fire samlingar for pilotverksemdene, der verksemdene har fått auka innsikt og eit felles kompetanseløft. Verksemdene har laga tiltaksplanar. INKLU har fått økonomisk støtte frå Innlandet fylkeskommune til eit hovudprosjekt i 2026. Målet er å implementere tiltaksplanen i tett samarbeid med næringslivet og sikre varig forankring av arbeidet.

I juni vart Trillestien ved Rjupetjedn offisielt opna, med god deltaking frå både lokalbefolkning og gjester. Arrangementet fekk brei og positiv medieomtale, og stien har i etterkant fått svært gode tilbakemeldingar frå brukarar som har opplevd den. Saman med lokalt næringsliv og frivillige er det laga ein plan med prioriteringar for vidare tilrettelegging av naturområde, stiar og løyper. Løypeforeninga har fått eit tilskot på 750 000 kroner til tilretteleggingstiltak, og fleire søknadar til ekstern finansiering er sendt.

Tilgjengelegheit for alle er no godt integrert i den nye Kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Vi tok initiativet til vidareutvikling av selskapet Beitostølen Fellesgoder AS, BFG 2.0-prosessen, og deltek aktivt i det arbeidet, med sikte på vidareføring og auke av fellesgodefinansieringa. Eigarane i BFG har i løpet av 2025 sikra langsiktig finansiering av fellesgoda.

Vi skal i lag med idrettslaget, stadionselskapet og Beitostølen Fellesgoder AS i løpet av 2024/2025 lage ein plan for utvikling og drift av sti- og løypenettet på Beitostølen og ein plan for Beitostølen stadion som gjev auka bruken av stadionområdet gjennom heile året.

Selskapet Beitostølen sti- og løypedrift AS driftar sti- og løypenettet på Beitostølen frå 2025. Vi samarbeider godt med selskapet, og har i år gjennomført fleire tiltak (senking av VA-kummer, omlegging av løyper) slik at sti- og løypenettet kan driftast meir rasjonell. Beitostølen Sti- og Løypedrift AS har i 2025 fått tilskot frå DNB-stiftinga, og er godt i gang med fleire konkrete tilretteleggingstiltak. Dette omfattar mellom anna:



- Bærekraftig stibygging: oppgradering av eksisterande stiar og bygging av nye med miljøvennlege metodar og materiale.
- Universell tilrettelegging: utbetring av fleire strekningar for personar med funksjonsvariasjon, mellom anna grusing og utjamning av trillestiane og utbetring rundt benkane langs trillestiane ved Garli og justering av hellingsgrad på delar av grøn løype frå sentrum.
- Tilkomst til aktivitetsområde: betre tilkomst til tur- og aktivitetsområde for gåande og rullande.
- Informasjon og sikkerheit: oppgradert skilting, informasjonsmateriell og etablering av tryggleikstiltak.

Målsetjingane er å skape eit inkluderande miljø for alle brukargrupper, å ta vare på naturverdiane gjennom gode restaureringstiltak, og å auke tilgjengelegheita til aktivitetsområda på Beitostølen.

Beitostølen Stadion AS har i 2025 fått tilskot frå DNB-stiftinga og Sparebankstiftelsen til betre tilrettelegging for alle i sti- og løypenettet. Det er òg søkt om spelemidlar til vidare utvikling.

Beitostølen stadion er ein sentral arrangementsarena både nasjonalt og lokalt. I tillegg til den tradisjonsrike Beitosprinten – som i 2025 fekk utvida deltaking frå parautøvarar – har arenaen husa både Norgescup i skiskyting og Norgescup i langrenn i 2025. Slik medverkar stadion til å setje Beitostølen på kartet, og til å skape aktivitet, trivsel og verdiskaping i lokalsamfunnet.

Kommunen har planlagt og prosjektert utbygging av gangveg/fortau frå Bygdinvegen ned til Beitostølen stadion, inkl. parkeringsplass og tilkomst til stadion. Det er inngått kontrakt med entreprenør, og utbygginga starta opp hausten 2025. Betre tilkomst frå Bygdinvegen, utbetring av parkeringsplassen ved Beitostølen stadion og betre tilkomst inn til stadionanlegget vil legge til rette for auka bruk av stadionanlegget heile året.



Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling

I dette kapitlet gjer vi greie for forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den i vare tek den økonomiske handleevna over tid (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd a). Vi omtaler driftsresultatet, investeringsregnskapet, fri egenkapital, finans-, gjelds- og kraftforvaltninga mv..

Økonomirapportering drift

Nedanfor ser vi oversikt over resultat (jf. løyvingsoversiktene etter § 5-4) og kommentarar til vesentlege budsjettavvik (jf. koml. § 14-7, 2 b). Mindreforbruk er merka med grønne tal, meirforbruk med raude og orange, avhengig av størrelse på meirforbruket.

Status §5-4 andre ledd (løyving drift til tenesteområda)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Politisk leiing og kontrollorgan	3 150	3 059	3 292	3 055	238
Kommunedirektør felles	2 589	8 502	4 029	2 127	1 903
Stab	17 687	18 531	19 412	18 015	1 397
Felles opplæring og kultur	8 580	6 867	7 314	5 661	1 653
ØSUS	13 845	15 720	16 024	16 947	-922
Rogne skule	20 502	17 827	18 304	18 325	-22
Lidar skule	16 442	16 989	17 403	18 016	-613
Rogne barnehage	13 939	14 880	15 749	15 825	-76
Beito barnehage	7 163	7 536	8 021	8 611	-589
Private barnehagar	5 838	6 324	6 324	7 196	-872
Kulturavdelinga	9 778	9 994	10 672	10 741	-69
Integreringstenesta	0	0	182	0	182
Felles helse og omsorg	17 115	22 780	22 772	21 343	1 429
Helse og tilrettelagde tenester	44 869	39 858	41 371	47 862	-6 491
Førebygging og meistring	38 413	39 523	39 664	41 439	-1 775
Institusjonstenester	34 725	36 449	36 425	38 657	-2 232
Felles tekniske tenester (ikkje i bruk)	3	118	0	0	0
Teknisk drift	40 164	39 660	40 471	41 479	-1 008
Næring plan og byggesak	11 851	11 975	13 154	12 972	182
Kraftforvaltning	-12 198	-11 021	-23 021	-23 342	321
Renter og avdrag	1	0	0	3	-3
Pensjon, finansiering mv. felles	-9 478	-13 109	-16 562	-14 888	-1 674
Sum løyvingar drift, netto	284 977	292 461	281 001	290 043	-9 042
Av dette:					
Netto renteutgifter og -inntekter	360	-55	-55	-73	18
Avsetninger til bundne driftsfond	2 533	18 601	18 601	3 809	14 791
Bruk av bundne driftsfond	11 983	-1 262	-1 262	10 737	-11 999
Avsetninger til disposisjonsfond	2 356	1 120	1 120	1 120	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 082	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	268 827	274 057	262 597	274 449	-11 852



Tenestene:

Sum løyvingar drift (netto) viser eit meirforbruk på 9 mill. Desse tala er *etter* bruk og avsetning til fond i tenestene, dvs. etter at sjølvkostområda vatn, avløp, private planforslag/bygge-/delesak og oppmåling, øyremarka prosjekt og flyktningrekneskapet er finansiert i null mot bundne fond og disposisjonsfond for flyktningområdet. Det som står att i dette talet er budsjettavvik på «generaløkonomien», som blir finansiert av frie inntekter/disposisjonsfond.

Meirforbruket i 2025 ligg i all hovudsak under helse og omsorg, der bruk av vikarbyrå og overtid i stor grad overstig mindreforbruket på lønn og sosiale kostnader. Særleg har dette vore ei utfordring på tenesteeininga tilrettelagde tenester.

Nedanfor kommenterer vi lønn og bruk av vikarbyrå samla for kommunen.

Lønn samla for kommunen:

Lønn og sosiale kostnader, trekt frå sjuke- og fødselspengerefusjonar, viser samla for kommunen eit mindreforbruk for 2025 på 2,5 mill. kr.

Av dette er om lag 1 mill. kr mindreforbruk av introduksjonsstønad i integreringstenesta (teknisk er dette ein del av lønnsområdet). Korrigert for dette er netto mindreforbruk på lønnsområdet på 1,5 mill. kr.

Det største mindreforbruket / meirinntektene er på områda fastlønn og refusjon. Mindreforbruk på fastlønn kjem fram i samband med vakante stillingar, særleg innanfor helse og omsorg, som hadde eit mindreforbruk på fastlønn på 3 mill. kr, medan meirinntektene på refusjon kan forklarast med eit høgare sjukefråvær enn budsjettert. Det er verdt å merke seg at samla meirinntekter på sjukepengerefusjon er større enn meirutgiftene på vikarlønn og refusjon. Dette kan truleg forklarast med at det på fleire område er vanskeleg å skaffe vikarar.

Bruk av vikarbyrå

Lønsrekneskapen viser ikkje totale personalkostnader. Innan helse og omsorg har det gjennom 2025 vore stor bruk av vikarbyrå, til ein samla kostnad på 9,3 mill. kr, som ikkje har vore budsjettert. I all hovudsak er bruken av vikarbyrå innan helse og omsorg. Vi viser til nærare omtale i kapittel om helse og omsorg. Ser ein lønn (utanom introduksjonsstønad) og vikarbyrå saman, er det eit meirforbruk i kommunen på 7,8 mill.

Korrigert sum løyvingar drift (netto) viser eit meirforbruk i tenestene på ca. 11,8 mill. Dette talet er *før* bruk og avsetning til fond i tenestene. Det er dette talet vi finn at i løyvingsoversikta etter §5-4 første ledd nedanfor.



Status §5-4 første ledd (løyving drift sentralt)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr
Rammetilskot	-135 084	-142 932	-143 472	-147 063	3 591
Inntekt- og formuesskatt	-124 576	-134 168	-134 168	-131 880	-2 288
Eigedomsskatt	-31 800	-32 040	-32 040	-32 110	70
Andre generelle driftsinntekter	-7 166	-7 738	-7 738	-7 439	-299
Sum generelle driftsinntekter	-298 626	-316 878	-317 418	-318 491	1 073
Korrigert sum løyvingar drift, netto	268 827	274 057	262 597	274 449	-11 852
Avskrivningar	30 041	32 115	32 115	31 477	638
Sum netto driftsutgifter	298 869	306 172	294 712	305 926	-11 214
Brutto driftsresultat	243	-10 706	-22 706	-12 566	-10 140
Renteinntekter	-8 996	-6 890	-6 890	-7 621	731
Utbytte	-3 756	-3 155	-3 155	-3 729	574
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0
Renteutgifter	25 799	24 367	24 367	24 163	204
Avdrag på lån	22 178	25 190	25 190	25 190	0
Netto finansutgifter	35 226	39 512	39 512	38 003	1 509
Motpost avskrivningar	-30 041	-32 115	-32 115	-31 477	-638
Netto driftsresultat	5 427	-3 309	-15 309	-6 039	-9 270
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	3 570	6 450	9 912	9 912	0
Avsetningar til bundne driftsfond	8 037	23 875	23 875	4 148	19 727
Bruk av bundne driftsfond	-7 501	-24 456	-25 533	-4 424	-21 110
Avsetningar til disposisjonsfond	2 356	19 606	32 683	22 030	10 653
Bruk av disposisjonsfond	-11 889	-22 166	-25 628	-25 628	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-5 427	3 309	15 309	6 039	9 270
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0

Sentrale postar:

Generelle driftsinntekter: Vart ca. 1 mill. høgare enn budsjettert. Vi har meirinntekter på rammetilskot (-skatteinntekter) på 1,3 mill., men mindreinntekter på konsesjonsavgift-inntekter.

Netto finansutgifter: Viser 1,5 mill. i mindreforbruk, grunna høgare renteinntekter og lågare renteutgifter enn budsjettert. Investeringsutgiftene vart vesentleg lågare enn opprinneleg budsjettert. Låneoptak vart fyrst gjort på slutten av året. I mellomtida stod ubrukte lånemiddel på bok. Rentekostnader er fordelt med meirforbruk på sjølvkostområda (0,4 mill.), og mindreforbruk på generaløkonomien (1,4 mill.). I tillegg har vi fått meir utbytte frå kraftselskap (0,6 mill.).

Netto avsetjing til disposisjonsfond

Grunna meirforbruket i drift har vi brukt 10,6 mill. meir av disposisjonsfond i 2025 enn budsjettert. Sjå under kapitelet «Disposisjonsfond» for nærare omtale.

Budsjettavvik i økonomisk oversikt drift etter § 5-6, og som ikkje er omtala i sjølv rapporten, følger i vedlegg.

Generelt om kostra-tala i årsrapporten

Vi har kommentert kostra-tal under kapitla «Netto driftsresultat», "Disposisjonsfond" og "Finans- gjelds- og kraftforvaltning", og under det enkelte tenesteområdet.

Kostra-tala er henta frå SSB si foreløpige publisering per medio mars. Ein del av tala er for "kommune-konsern" (inkl. del av interkommunale samarbeid og IKS), og dei kan difor avvike litt frå indikatorar for kommunen utan "konsern". Kostra-tala som er teke med i årsrapporten er justert med utgiftsbehov og deflator (lønns- og prisstigning). Det betyr at tala blir meir samanliknbare for kommunen over år, då alle tal blir justert til 2025-tal. Utgiftsbehovet seier noko om kor mykje ei kommune, eller ei teneste i ei kommune, kostar å drive, samanlikna med andre kommunar. Ei kommune med høgt barnetal, vil naturleg nok ha større utgifter til barnehagar og skuler enn ein gjennomsnittskommune. Dei vil difor få eit større utgiftsbehov til desse tenestene enn ei kommune med lågt barnetal. Det er denne korrigeringa staten bruker for å rekne ut rammetilskotet. Det er også denne korrigeringa analysen bruker for å samanlikne faktisk bruk mellom kommunane. På denne måten kan vi samanlikne kommunar sjølv om dei ikkje er like i høve demografi mv. Kommunane kan korrigere kostra-rapporteringa gjennom våren, slik at kostra-tala som er med per 15. mars kan bli korrigert.


Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er kommunen sitt driftsresultat etter netto finansutgifter, men før avsetning og bruk av eigenkapital (bundne og frie fond).

Måltal:

Kommunen har ein handlingsregel om at netto driftsresultat skal vera på minst 1,75% av sum driftsinntekter.

Driftsresultatet i 2025 vart **1,17%** av sum driftsinntekter, altså under handlingsregelen. Forskjellen opp mot måltalet på 1,75% utgjer omlag 3 mill.kr. Nedanfor ser vi utviklinga i netto driftsresultat dei siste åra.




Kostra sine foreløpige tal for 2025 for kommunekonsernet er 2,3%, medan kostragruppe 04 viser eit resultat på 0,6%.

	Øystre Slidre 2024	Øystre Slidre 2025	Kostra-gruppe 04	Landet uten Oslo
Økonomi				
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	-0,5 %	2,3 %	0,6 %	2,3%

Netto driftsresultat for 2025 vart positivt med 6 mill., noko som er ei forbetring frå det negative resultatet på 5,4 mill. året før. Betringa i resultat på 11,4 mill. er i all hovudsak som følgje av eit betre kraftforvaltningsoverskot.

Resultatet i 2025 er ca. 9,3 mill. lågare enn revidert budsjett på 15,3 mill. Resultatet fordeler seg på sjølvkost-områda og generaløkonomien som vi ser av graf nedanfor.

- Sjølvkostområda hadde negativt netto driftsresultat på 4,8 mill., mot budsjettert negativt med 0,5 mill., og ein budsjettsvikt på ca. 4,3 mill. Vi viser til omtale under «Tekniske tenester».
- Generaløkonomien hadde positivt netto driftsresultat på 10,9 mill., mot budsjettert positivt med 16 mill., og ein budsjettsvikt på ca. 5 mill. Vi viser til omtale ovanfor og under dei enkelte tenestekapitla.






Disposisjonsfond (fri egenkapital)

Måltal:

I økonomiplanen for 2025 går det fram at kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen. I K-sak 25/25 vart det vedteke at langsiktig økonomisk handlingsregel for disposisjonsfond frå og med 2025 skal vera at disposisjonsfond utanom kraftfond skal utgjere minst 15% av sum driftsinntekter.

I 2025 har vi tæra på disposisjonsfond, og kommunen sine fond er godt under handlingsregelen. Ut frå langsiktig handlingsregel og sum driftsinntekter 2025 burde disposisjonsfondet utanom kraftfond vera minst 60,3 mill. Vi ser av rekneskapen at disposisjonsfond i 2025 vart redusert med 18,8 mill., og per 31.12.2025 utgjorde 37,4 mill. Dette er 7,3% av sum driftsinntekter (mot 11,6% per 2024). Målet er ikkje nådd. Kommunen har eit svekka og lite tilfredsstillande nivå på disposisjonsfond.



Kommunen sine disposisjonsfond fordeler seg på følgende "merka" disposisjonsfond:

	Saldo 31.12.24 R	Saldo 31.12.25 R	Avsetn.(+)/ bruk (-)
Fri egenkapital drift			
Disposisjonsfond utanom kraftfond:	56 217	37 418	-18 799
Disposisjonsfond	33 127	20 287	-12 840
Disposisjonsfond eigedomsskatt	16 006	12 490	-3 516
Disposisjonsfond flykningtenesta	8 897	10 017	1 120
Disp fond (neg) sjølvkost	-1 813	-5 376	-3 563
			-
Disposisjonsfond kraftsal	8 150	23 351	15 201
Fri egenkapital drift (totalt)	64 367	60 769	-3 598

Vi ser at det «ordinære» disposisjonsfondet har minka med 12,8 mill. i 2025, etter ekstra bruk for å finansiere meirforbruket på generaløkonomien.

Ein årsak til reduksjon i disposisjonsfonda i 2025 er at sjølvkostområda vatn, avløp og private planer/bygge-/delesak gjekk med underskot og er mellombels finansiert av disposisjonsfond. Underskotet for desse sjølvkostområda var 3,6 mill. i 2025, akkumulert til 5,4 mill. per 31.12.2025. Dette er pengar som skal dekkast inn att over sjølvkostøkonomien framover, og må sjåast på som eit mellombels «lån». Ser ein bort frå dette negative fondet, er sum disposisjonsfond om lag uendra i 2025, men likevel betydeleg svakare enn målalet.

Kraftforvaltninga:

Vi har eige fond for kraftforvaltninga, som har eige reglement/handlingsregel. Fondet skal etter reglementet ikkje nyttast til anna enn buffer for kraftforvaltninga fram til fondet utgjer 59,6 mill. (indeksregulert per 2025). Det er eit godt stykke igjen til vi når det målet. Vi har hatt gode kraftinntekter i 2025, og 15,2 mill. er avsett til dette fondet.

Reknar ein inn alle dei frie driftsfonda, inkl. kraftfondet, har vi samla tæra på disposisjonsfonda med 3,6 mill. Det er 10,6 mill. svakare enn kommunen budsjetterte med for 2025.

Kostra:

Reknar vi inn alle kommunen sine disposisjonsfond, inkl. kraftfondet slik kostra gjer, utgjer dei 11,8% av sum driftsinntekter. Kostra sine tal er ikkje heilt endelege, og viser 11,7%. På tross av nedgangen i fri egenkapital i 2025, har vi ifølge kostra høgare disposisjonsfond enn snittet i kostragruppe 04 og også litt høgare enn landet utanom Oslo.

	Øystre Slidre 2024	Øystre Slidre 2025	Kostra- gruppe 04	Landet utan Oslo
Kommunekasse				
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) (Kommunekasse)	13,3 %	11,7 %	9,1 %	11,3 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Finansforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finansforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8, og vurderingar mot grupper vi samanliknar oss med i kostra.

Finansplasseringar:

Per desember 2025 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskott. Kr 140,2 mill. er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskotta. Kommunen har hatt rentesats tilsvarande nibor 3 mnd + 0,25% poeng. Det vurderer vi er ei akseptabel rente, med tanke på at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Plasseringa i bank er i samsvar med finans- og gjeldsreglementet pkt. 2 som bestemmer at føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi på 55,2 mill.kr, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifisering i note 5 til rekneskapen.


Kommunen har og langsiktige utlån på 29,7 mill.kr. Største lånet er på 20 mill. til Valdres Energiverk AS. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale. Rentesats er basert på Norges Bank 10-års statsobligasjonsrente, med tillegg av rentebyteavtale mot 10-års Nibor og eit risikopåslag på 3,4 %-poeng. Rente ut frå dette var 7,49% 2025. Det blir betalt årleg utbytte frå Valdres Energi (1,4 mill. i 2025). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS (2,2 mill. i 2025). Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, og utbyttet i 2025 utgjer 8,1% avkastning. Vi har i 2025 ytt langsiktig lån til Beitostølen Sti- og Løypedrift AS med saldo 3,9 mill. per 2025. Utlånet er strategisk for å bidra til låge kapitalkostnader for selskapet, og renta er sett til 5 årig fastrente på utlånstidspunktet, som var 3,9%. Renta har vore høgare i 2025, noko som dette året har medført ei rentesubsidiering på ca. 50`kr.

Vurdering i forhold til kommunen sitt finansforvaltningsreglement:

Likviditet. Delmål: *Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.*

Arbeidskapitalen (omløpsmiddel trekt frå kortsiktig gjeld) er auka frå 121,4 mill. til 129,5 mill.kr per 2025 (jf. note 1 til årsrekneskapen). Av dette utgjer unyttta lånemiddel 44,9 mill. Midla står på bankkonto, og skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2025, men som blir gjennomført i 2026.

Akkumulert premieavvik inngår også i arbeidskapitalen. Den delen av dette som overstig premiefondet i KLP (som ikkje er rekneskapsført, men som vi kan nytte til å betale pensjonspremie i KLP med), er ikkje reelle likvide midlar (13,9 mill.). Grafen viser utviklinga i den ikkje-likvide delen:



Likvide midlar til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering minus premieavvik/ premiefond) er ca. 70,6 mill. Vi vurderer at likviditeten er tilfredsstillande.



Kostra viser at arbeidskapitalen har gått litt ned, men fortsatt er litt høgare enn kostragruppe 04.

	Øystre Slidre 2024	Øystre Slidre 2025	Kostra- gruppe 04	Landet utan Oslo
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	18,6 %	16,5 %		15,0 %

Finansiell risiko. Delmål: *Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskott. Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

Avkastning på overskotslikviditet. Delmål: *Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.*

Vi vurderer å ha konkurransedyktige og akseptable vilkår på likvide midlar.

Avkastning langsiktige aktiva. Delmål: *Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Det har ikkje vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Vi har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta, og vi har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med dei langsiktige finansielle aktiva.

Ikkje avvik i høve krav i finansforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i finansforvaltnings-reglementet og den faktiske forvaltninga.

Gjeldsforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finansforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8, og vurderingar mot grupper vi samanliknar oss med i kostra (jf. nøkkeltal vist i anna kapittel).

Lånegjeld:


Kommunen har ved utgangen av 2025 ei lånegjeld på kr 516.382`. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Vi viser til note 8 i rekneskapen for 2025 og til årsrapporten. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Gjelda har gått litt opp i 2025 (frå 499.082` i 2024), ved at låneopptaket i året (45.000`) er noko høgare enn avdragsbetalinga (25.190`). Unyttta lånemiddel auka frå 31.765` til 44.904` per 2025, då låneopptaket i 2025 var noko høgare enn faktisk bruk av lån i investeringsregnskapet.

Måltal:

I økonomiplanen for 2025 har kommunen fastsett langsiktige økonomiske handlingsregler/mål, og at netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) skal utgjera maksimalt 50% av sum driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforplikter) trekt frå totale utlån og unyttta lånemiddel. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån.

Nedanfor ser vi utviklinga i netto lånegjeld for generaløkonomien i % av sum driftsinntekter, opp mot handlingsregelen.



Av samla lån utgjer lånegjelda for sjølvkost ca. 241.688` per 2025. Netto lånegjeld for generaløkonomien er på 200.115`, noko lågare enn året før, og godt innanfor handlingsregelen til kommunen (38,9% mot handlingsregel på maksimalt 50%).



År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Sum driftsinntekter	349 617	387 355	435 505	455 211	482 852	514 962
Netto lånegjeld totalt 31.12.	418 785	364 028	388 387	422 326	442 105	441 803
Netto lånegjeld gen.øk. 31.12.	266 286	190 672	199 117	205 025	208 538	200 115
Lånegjeld totalt	492 929	468 550	455 175	499 596	497 082	516 382
Lånegjeld sjølvkost	152 499	173 356	189 270	217 301	233 567	241 688
Utlån (totale langsiktige)	21 639	21 475	21 110	20 931	23 212	29 675
Ubrukte lånemiddel 31.12.	52 505	83 047	45 678	56 339	31 765	44 904

KOSTRA Nøkkeltal:

	Øystre Slidre 2024	Øystre Slidre 2025	Kostra- gruppe 04	Landet utan Oslo
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	4,8 %	5,1 %	3,6 %	
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	11,8 %	10,9 %	13,9 %	
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelser Beløp per innbygger (kr)	159 350	165 189	142 474	
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	104,5 %	102,5 %	100,3 %	
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B) *)	147 578	146 097	116 414	107 191
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	93,0 %	90,6 %	81,9 %	90,7 %
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	19,8 %	21,9 %	51,7 %	

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Brutto investeringsutgifter i prosent av sum driftsinntekter viser nedgang og ligg på 10,9% av sum driftsinntekter, noko som er litt lågare enn kostragruppe 04 (13,9%). Øystre Slidre kommune si lånegjeld per innbyggjar ligg framleis godt over snittet i kostragruppe 04. Det viser nøkkeltala både for langsiktig gjeld, netto lånegjeld per innbyggjar og i prosent av brutto driftsinntekter. Kommunen si netto lånegjeld er litt ned frå 2024, per 31.12.2025 på 90,6%, medan kostragruppe 04 ligg på 81,9%.

Kommunen har auka avdragsplikter, som følgje av høgt investeringsnivå dei siste åra. Kommunen er tilsvarande noko meir eksponert for renteauke. Kostra viser at kommunen si avdragsdel og netto renteesponering i 2025 har auka litt, til 21,9%, som er vesentleg lågare enn kostragruppe 04 (51,7%).

Vurdering i forhold til kommunen sitt gjeldsforvaltningsreglement:

Lågast mogleg totalkostnad for lån. Delmål: *Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Kommunen har gjort nytt låneopptak i året i Kommunalbanken. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rentevilkår på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, at kommunen toler den rentebelastninga som har vore, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Ikkje avvik i høve krav i gjeldsforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i gjeldsforvaltnings-reglementet og den faktiske forvaltninga.



Kraftforvaltninga

Kraftrettar og kraftforvaltning i 2025

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 GWh blir seld på kraftbørsen. Kraftrettane inneheld konsesjonskraft på 23 GWh, andelskraft på 28 GWh og eigenproduksjon i Skoltefoss på normalt 2-3 GWh. Etter uveret «Hans» i august 2023 vart kommunen sitt kraftverk Skoltefoss sterkt skada og stoppa opp, og har ikkje vore i produksjon i 2025. Det vart seld 52 GWh i 2025.

Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen har vore ute på konkurranse. Avtalen inneber at vi mottek spotpris + eit påslag pr kWh.

Kommunen må betale kostpris for krafta vi mottek. Prisen for ein mindre del av konsesjonskrafta 1,4 GWh) blir fastsett sentralt (til såkalla ED-pris), medan alt det vesentlege av konsesjonskrafta og andelskrafta til kommunen blir betalt ut frå sjølvkostutrekning frå kraftprodusent. Sjølvkostprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året og vedlikehald i det aktuelle kraftverket.

Kraftforvaltning - reglement

Kraftforvaltning skal følgje reglementet for kraftforvaltning, sist vedteke i kommunestyret i sak KS-34/22. Dette inneber at kommunen i hovudsak skal selja krafta i spotmarknaden (utan prissikring/fastprisavtaler), dvs. å følgje marknaden fullt ut, noko som vil kunne medføre svært store svingingar i resultat frå år til år. Vurderinga er at dette samla skal gje kommunen det beste resultatet over tid. Men det kan enkelte år gje minimale overskot, til og med underskot på kraftsalet. For å redusere den økonomiske risikoen til kommunen, vart det vedteke at kommunen skal bygge opp eit kraftfond, og kun nytte ein fast sum av kraftsalet i drifta kvart år.



Kraftforvaltning - resultat 2025

Kraftforvaltninga gav eit overskot i 2025 på 23 mill. Dette samsvarar godt med revidert budsjett. Overskotet vart nær 11,8 mill. betre enn fjoråret. Resultatet for 2025 vurderer vi å vera svært tilfredsstillande, eit betre resultat enn det som har vore normalen. Vi viser til oversikta nedanfor for dei siste 9 år.

Kraftforvaltning er budsjettert inn i drifta i 2025 med 7,8 mill.kr (inkl. refusjon jf. avtale). Ev. nettoinntekter ut over dette skal bli sett på kraftfond.

All krafta har vore seld i spotmarknaden i 2025. Vi oppnådde ein gjennomsnittleg pris på 78,1 øre per kWh. Dette vurderer vi var bra. Gjennomsnittleg spot 2025 i vårt område var 68,43. Statistikk viser at gjennomsnittleg spotpris i vårt område har variert mykje dei siste 20 åra, frå 9,8 øre i botnåret 2020 til 193,4 øre i toppåret 2022 - samla sett gjennomsnittleg spotpris på 43,89.

Nedanfor viser vi utviklinga i kraftinntekter, kostpris/kraftkjøp og netto resultat dei siste åtte åra (tal i 1.000 kroner).



Vurdering i forhold til kommunen sitt kraftforvaltningsreglement:

Kraftinntekter. Delmål: Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.

Krafta har i 2025 vore seld i marknaden basert på gjeldande reglement.

Ikkje avvik i høve krav i kraftforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i kraftforvaltnings-reglementet og den faktiske forvaltninga.

Investeringar

Investeringsregnskap - oppsummering

Investeringsregnskapet er presentert under kapittel for årsrekneskapen. I løyvingsoversikt etter § 5-5 første ledd ser vi at:

- Sum investeringsutgifter er på 54,6 mill., som er 9,3 mill. lågare enn revidert budsjett 63,9 mill.
- Netto utgifter vidareutlån på 185` er høgare enn budsjett (0).
- Sal av varige driftsmiddel utgjorde 2,8 mill., mot budsjettert 1 mill. I hovudsak gjeld dette sal av tomter og innløysing av festetomter (totalt 2,4 mill.).
- Overføring frå drift er ført i tråd med budsjett (9.912`).
- Tilskot frå andre vart 5,7 mill. mot budsjettert 3,3 mill., ei meirinntekt på 2,4 mill. Mykje av dette er spelemiddel vi fekk i 2025 for tidlegare års gjennomførte investeringsprosjekt. Det er også enkelte tilskot vi har motteke i 2025, som er avsett på bunde fond.
- Netto bruk bundne fond vart på 1.189`, som er 3.811` mindre inntekt enn budsjettert (5.000`).

Summen av dette vart reduserte nettoutgifter og finansieringsbehov i 2025 på 8.111`, som er saldert med reduksjon i bruk av lån, i tråd med regelverket.

Nedanfor fylgjer ei oversikt per prosjekt, med revidert budsjett, rekneskap, budsjettavvik og kommentarar. For prosjekt som ikkje er avslutta per 2025, men fortset i 2026, har vi foreslått å overføre unytta budsjetttramme 2025 til 2026 som budsjettregulering. Desse er merka med grå felt, og budsjettendringsforslaga er lista opp i vedlegg. Totalt foreslår vi å overføre investeringsutgifter med til saman vel 18,6 mill.kr.

Særskilt om kommunale bustadtomter

For dei kommunale bustadtomtene er situasjonen per 2025 som følgjer:

Kommunale bustadtomter	Tomter totalt	Uselde tomter	Selde tomter	2025	2024	2023	Tidl.	Op-sjon	Halde av
Heranglie	32	28	4	2	0	2	0	1	1
Klyppemyrhaugen	25	8	17		1	0	16	0	2
Beitohagin	20	7	13		0	1	12	0	0
Kølleberg	10	4	6		0	0	6	0	0
Solhauglie	37	12	25	-1	0	1	25	0	0
Løkjiskogen		17	0		0	0		0	0
Volbu		2	0		0	0		0	0
Sum		78	65	1	1	4	59	1	3

I 2025 har kommunen kjøpt tilbake ei tomt, slik at talet står i minus.



Status investeringsprosjekt

Andre investeringar

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekne- skap	Status	Økonomi- status	Avvik i kr	Kommentar
Andelar i KLP	914	914	Ferdig	Ihht plan	0	Eigenkapitalinnskot i KLP (årleg).
Betre nettverk kommunehuset	1 162	1 162	Ferdig	Mindreforbruk	0	Arbeidet er utført.
Furustrand uteområde	2 222	1 366	Forsinka	Mindreforbruk	856	Turveg, gatelys og dagsturhytta er på plass, og spelemidlar er mottekne (1.031´). Arbeidet med resten av området starta i 2025. Kommunen har motteke tilsegn, mellom anna frå Sparebankstiftelsen, som vil finansiere ein del av investeringane. For å betre krysset i tråd med ønske frå fylkeskommunen, er avkøyrsla til Furustrand utbetra. Dette var ikkje ein del av det opphavlege budsjettet for Furustrand, og må fullfinansierast av kommunen. Tiltaket vart utført sommaren 2025 og hadde ein kostnad på om lag 700´, som belastar det vedtekne budsjettet. Resterande del av budsjettet blir overført til 2026 (856´ +1633´ rammekorr. etter auka tilskotsinnt.).
Intern finansiering	0	236	Iht. plan	Mindreforbruk	-236	Dette er regnskapsførte avgifter mv. som er knytt til sal av tomter, som viser underfinansiering, men som går mot meirinntekter frå sal av tomter på 1,4 mill., dette er nærare omtala annan stad i årsrapporten).
Kommunale områder for bustad og næring	4 877	5 035	Ferdig	Ihht plan	-158	Det er kjøpt tilbake ei tomt i Solhauglie, og det er kome på gebyr etter frådelingar i andre bustadområde, spesielt Stølsie bustadfelt. Næringsområde utgjør største investeringa og omfattar: Tomt ved Beitostølen stadion, to eigedomar på Raubrøtmoen og ei i Heggnes/Tingvang-området. Det vart eit meirforbruk grunna at gebyra knytt til dette vart noko høgare enn estimert. Også sal av tomter / innløyising av festeavtalar, som vi ser av anna post i investeringsregnskapet, er høgare enn budsjett.
Kommunale vegar - asfaltering o.l.	800	1 131	Ferdig	Meirforbruk	-331	Asfalteringa er utført, meirkostnadene er knytt til utviding av omfanget for å dekkje arealet som kommunen disponerer og på enkelte område måtte asfalten leggjast i eit tjukkare lag for å jamne ut underlaget.
Nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS	7 900	8 047	Iht. plan	Meirforbruk	-147	Alt røyranlegg er no ferdig montert, og det er sett varme på systemet. Oppgraderinga av SD-anlegget står att. Det er planlagt at det nye SD-anlegget skal setjast i drift i løpet av våren 2026. Meirforbruket er knytt til denne oppgraderinga. Sluttoppgjer blir gjennomført våren 2026. Vi overfører budsjettavviket til 2026 og sluttrapporterer prosjektet i 2026.
Nærmiljøanlegg Klyppemyrhaugen	0	39	Ferdig	Ihht plan	-39	Ferdig. Kommunen fekk spelemiddel på kr 341.000 (vises under finansiering)
Overtak./oppgrad. Finntøppv.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	9 000	1 507	Forsinka	Ihht plan	7 493	Del 1 – Tjednbakkvegen: Arbeidet er godt i gang, men har «vinterferie» fram til etter påska 2026. Planlagt ferdigstilling er 30.11.2026. Del 2 – Finntøppv.vegen: Arealet må regulerast, arbeidet med reguleringsplan er starta opp. Unytt budsjetttramme 7.493´, samt budsjettert bruk av bunde fond -5.000´, blir overført til 2026. Slutt-rapportering skal etter planen skje etter 2026.
Skoltefoss kraftstasjon	3 091	4 237	Forsinka	Ihht plan	-1 146	Skoltefoss kraftverk skal rehabiliterast etter driftsstansen som følgje av uvêret «Hans». Det har vore gjennomført prosjektering av flaumsikring og



Investering	Rev. bud.	Rekne- skap	Status	Økonomi- status	Avvik i kr	Kommentar
						utskifting av øydelagde komponentar. Byggjstart er planlagt i april 2026, og oppstart av drift er venta i november 2026. Kommunen har motteke 5,668 millionar kroner frå staten til gjenoppbygging av kraftstasjonen. Forsikringsoppgjæret er motteke men under diskusjon og er venta avklart i løpet av sumaren 2026. Vi har i 2025 nytta 1.146` av statstilskotet, slik at prosjektet enda netto på 3.091` i samsvar med budsjettamma 2025.
Tenestebilar	923	923	Ferdig	Mindreforbruk	0	To bilar i heimetenesta er skifta ut.
Trillesti Rupetjedn	156	175	Ferdig	Meirforbruk	-19	Ferdig.
Uteområdet ved ØSUS	1 000	7 059	Iht. plan	Ihht plan	-6 059	Prosjektet er godt i gang og er planlagt ferdig før sommarferien 2026. Prosjektet ser ut til å vere innanfor det samla budsjettet for 2025 og 2026, føresett at søknad om spelemidlar blir innvilga. Kor mykje spelemidlar som faktisk blir utbetalt, er førebels uvisst. Budsjettavvik 2025 blir overført til 2026 med planlagt sluttrapportering av prosjektet per 2026.
Utlån (av egne middel)	6 118	6 118	Ferdig	Ihht plan	0	Utlån til Beitostølen sti- og løypedrift AS jf. KS-75-24, kr 4.750` + 1.368`. 1.368` er tilbakebetalt i år som føresett. Avdrag kr 950` fakturert i 2025 iht. nedbetalingsplan.
Sum	38 163	37 948			215	

Sjølvkost

Beløp i 1000

Investering	Rev. bud.	Rekne- skap	Status	Økonomi- status	Avvik i kr	Kommentar
VA auka reinsekapasitet	2 100	1 541	Forsinka	Mindreforbruk	559	Forprosjektet er ferdig. Reguleringsplanen for Nedrefoss RA er utarbeidd og klar for behandling. ØSK ventar avklaring frå Statsforvaltaren for avgjersle kring resipientane. Det er behov for fleire undersøkingar i 2026. Nytt reinseanlegg i Nerreføss er utsett medan utgreiing om felles reinseanlegg for ØSK, VSK og NAK, jf. vedtak i kommunestyra vert gjennomført. Utgreiinga skal gjennomførast i 2026 og er budsjettet på drift. Unnytta budsjettamme blir overført til neste år (2026).
VA Beitostølen stadion - Haugsynlie	1 000	0	Forsinka	Mindreforbruk	1 000	Det vart ikkje gjort noko med dette prosjektet i 2025, og tiltaket er utsett til etter utgreiinga om felles reinseanlegg i Aurdal.
VA Bygdinvegen Skogaplassen - Mørstad	300	292	Forsinka	Ihht plan	8	Prosjektet blir gjennomført med ein «vedlikehaldstrase» over VA-traseen. Anlegget har fått førehandsgodkjenning frå fylkeskommunen, og prosjekteringa er ferdig. Vi er no i prosess med å inngå grunneigaravtalar før arbeidet kan leggast ut på anbod. Det er økonomisk uvisse knytt til lupinproblematikk og omlegging av fiberkabel, og budsjettet kan verke noko lågt. Planlagt prosjektstart er i 2026.
VA Finntøplie	1 106	1 440	Ferdig	Meirforbruk	-334	Ferdig. Meirforbruket er knytt til etablering av overvassgrøft.
VA Gravfjellet	1 767	432	Iht. plan	Ihht plan	1 334	Det er utført grunnundersøkingar jf. klimasatsmidlane som vart tildelt prosjektet (200`). Resultata viser at det er mogleg å nytte styrt boring som eit alternativ til graving. Hovudjobben kan no leggast ut på anbod.



Investering	Rev. bud.	Rekne- skap	Status	Økonomi- status	Avvik i kr	Kommentar
VA i bygda - Nordtorp Hegge stavkyrkje	2 125	2 309	Ihht plan	Ihht plan	-185	Prosjektet er inntil vidare satt på vent knytt til avklaring av utbyggingspotensialet i arealplanen. Unytta budsjettramme 1.534 blir overført til 2026. Arbeidet er ferdig. Entreprenøren og Øystre Slidre kommune er einige om sluttoppgjøret. Entreprenøren skuldar kommunen 132 ekskl. mva., og beløpet blir tilbakebetalt i 2026, og denne delen av budsjettavviket er overført til 2026.
VA Kolleberg	269	178	Ferdig	Mindreforbruk	90	Ferdig.
VA Mellseenn - Kveno	4 472	3 846	Iht. plan	Mindreforbruk	627	Prosjektet er ferdig. Vi har no motteke stevning når det gjeld konkurranse/innkjøp. Forsøk på forlik har foreløpig ikkje lykkast, og det kan medføre ein del advokatutgifter. Unytta budsjettramme blir overført til 2026.
VA Mellseenn vassverk (Kollstad)	200	139	Iht. plan	Ihht plan	61	Søknad om konsesjon for uttak av drikkevatn er sendt til NVE for behandling, og forprosjektet er gjennomført. Tiltaket er i hovudsak budsjettetert frå 2026), på grunn av venta lang handsamingstid hjå NVE. Prosessen er likevel no aktiv, med spørsmål og svar undervegs. Unytta budsjettramme blir overført til 2026.
VA mindre anlegg årleg	5 000	37	Ferdig	Mindreforbruk	4 963	Ikkje gjennomført omfattande tiltak i 2025.
VA Nordtorp høgdebasseng	5 000	4 513	Iht. plan	Ihht plan	487	Arbeidet med høgdebassenget er godt i gang, og framdrifta er i samsvar med planen. Slutføring er venta i september 2026. Budsjettavviket blir overført til 2026.
VA oppgradering Ole vassverk	700	447	Forsinka	Ihht plan	253	Det blir arbeidd med ny konsesjon for uttak av drikkevatn, og oppgraderinga av vassverket er utsett til ny konsesjon er gitt. Unytta budsjettramme blir overført til 2026.
VA transportmiddel	1 181	1 181	Ferdig	Mindreforbruk	0	Ferdig levert.
VVA Heranglie	505	253	Ferdig	Mindreforbruk	251	Prosjektet er ferdig, og med eit lite mindreforbruk i høve sluttrapportering ved 2.tertial 2025.
Sum	25 724	16 609			9 115	



Samfunns- og befolkningsutvikling

Samfunnsdelen av kommuneplanen (2020-2032) set opp følgjande hovudmål for lokalsamfunnsutviklinga:

1. Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
2. Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1% i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

I 2025 hadde vi følgjande måloppnåing for desse overordna måla:

Tema	Mål og måleparameter	Mål	Endr. 2025	
Tal innbyggjarar	Minst 1%, dvs. minst 33 nye innbyggjarar	32	36	✓
Tal deltidsinnbyggjarar	Minst 1%, dvs. minst x nye hytter/fritidsleilegheiter	46	22	!
Tal gjestedøgn	doblast innan 2035 (ca. 20 000 nye gjestedøgn i året)	20 000		

Mål for innbyggjartal er nådd i 2025

Kommunen hadde positivt fødselsoverskot (fødde – døde) for fyrste gong på fleire år, netto 10 stk i 2025. Nettoinnflyttinga var også positiv med 26 personar i 2025. I dette talet har busetjing av flyktningar i stor grad bidrege til positiv nettoinnflytting. Til saman ei netto auke i 2025 på 36 stk.

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2025

	2021	2022	2023	2024	2025
Folketal ved inngangen av kvartalet	3 236	3 252	3 291	3 298	3 311
Fødde	25	25	15	27	35
Døde	29	34	35	32	25
Fødselsoverskot	-4	-9	-20	-5	10
Innvandring	41	49	40	40	27
Utvandring	17	15	35	21	24
Innflytting, innanlands	136	160	186	143	151
Utflytting, innanlands	141	147	164	144	128
Netto innvandring og flytting	19	47	27	18	26
Folkevekst	16	39	7	13	36
Folketalet ved utgangen av kvartalet	3 252	3 291	3 298	3 311	3 347

Mål for tal fritidsbustader er ikkje nådd i 2025

Talet på nye fritidsbustader i 2025 var 22 stk., som er 24 færre enn målsetjinga på 46 nye einingar i året. Det har vore svært stille i byggeaktivitet og spesielt på fritidsbustader siste par åra.

Mål for tal gjestedøgn

Det ligg ikkje lengre føre kommunevis måling av gjestedøgn.

Personal og organisasjon

Rekruttering

Det vart til saman rekruttert inn 40 nye personar i faste stillingar gjennom 2025 (mot 43 året før). 18 personar (mot 41 året før) slutta i faste stillingar i løpet av året. Dette gjev ein turnover på om lag 5,5% (faste stillingar). Rekna i årsverk er turnover om lag 4,9%.

Kommunen vedtok ein plan for styrka rekruttering i februar -25.

Sjukefråvær

Kommunen hadde i 2025 eit sjukefråvær på 9,8 %. Kommunen hadde som mål («10-på-topp») å redusere fråværet med 3 prosentpoeng frå 2023. Talet på 9,8% er 2 prosentpoeng under 2023-nivå, og ein nedgang på 0,2 prosentpoeng frå 2024.

Kommunedirektøren vedtok i -23 ein plan for redusert sjukefråvær. Fleire av tiltaka i planen er gjennomførte, og sjukefråvær har hatt eit tydeleg fokus gjennom 2025.

Sjukefråværet er framleis for høgt, men er no om lag på nivå med perioden frå 2018 - 21.




Fordelt på område/kjønn er tala slik:

Kjønn	2021	2022	2023	2024	2025
Kvinner	11,3 %	12,4 %	13,7 %	11,3 %	11,2 %
Menn	2,9 %	5,5 %	4,9 %	5,1 %	4,6 %
Totalt	9,6 %	11,0 %	11,9 %	10,0 %	9,8 %


Område	2021	2022	2023	2024	2025
Opplæring og kultur	11,0 %	9,2 %	11,7 %	10,8 %	8,8 %
Helse og omsorg	10,8 %	13,7 %	13,9 %	10,6 %	11,4 %
Andre	5,1 %	9,9 %	8,8 %	7,1 %	9,2 %
Totalt	9,6 %	11,0 %	11,9 %	10,0 %	9,8 %

Utviklinga i Øystre Slidre gjennom dei siste 10 åra har vore slik:



Som tidlegare er det langtidsfråværet som utgjør hovudtyngda av sjukefråværet i kommunen.

Kroniske/alvorlege lidningar gjev stort utslag på statistikken:




Kommunen har rutinar for oppfølging av langtidsjukmeldte, og ein plan for redusert sjukefråvær (frå - 23).

Uføredel

Når sjukefråværet i Øystre Slidre er forholdsvis høgt, er det relevant å sjå på kor stor uføredelen er. Her viser tal/statistikk frå KLP at Øystre Slidre kommune framleis har ein låg uføredel, godt under landsgjennomsnittet.

Den låge uføredelen kan vere ei delforklaring på det høge sjukefråværet i kommunen, då dette kan vere ein indikasjon på at kommunen klarer å legge til rette for arbeidstakarar med helseproblem slik at dei ikkje går over i uføretrygd.




Denne statistikken viser ikkje sjukepleiarar (eiga ordning i KLP) eller undervisningspersonell (er medlemmer i SPK).

Likestilling

Under gjer vi greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling, og kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar sin aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2. ledd e og f).

Det er framleis eit relativt kjønnsdelt arbeidsmønster i kommunen. Statistikken under gjeld fast tilsette.


Kvinnedel	Nøkkeltal
Kvinnedel fast tilsette:	278 av 350 (79,4 %)
Kvinnedel årsverk:	79,26 %
Kvinnedel toppleiarar (tilsette):	1 av 2 (50 %)
Kvinnedel mellomleiarar (tilsette):	21 av 28 (75,0 %)
Kvinnedel mellombels tilsette (utan fast stilling, inkl. vikar):	26 av 33 (78,8 %)
Kvinnedel deltidstilsette fast stilling (under 100%):	141 av 171 (82,5 %)
Kvinnedel foreldrepermisjon (tal veker):	251 av 292 (86,0 %)



Per desember 2025 hadde kvinner ei gjennomsnittleg regulativlønn på 97,7 % av gjennomsnittet for menn:

Likelønn:	Des. 2024	Des. 2025
Snitt reg.lønn kvinner	590 812	612 498
Snitt reg.lønn menn	606 510	626 824
Likelønnsprosent	97,4 %	97,7 %

Tilsvarande tal for 2024 var 97,4 %, noko som betyr at Øystre Slidre kommune har hatt ei **positiv** likelønnsutvikling gjennom 2025. Utviklinga har vore slik:



Likelønnsutviklinga har vore jamt positiv i kommunen gjennom dei siste åra, og er no på eit «historisk høgt» nivå.

Tiltak (diskriminering/likestilling)


Kommunen har i sine lønnspolitiske retningslinjer eit eget kapittel om likelønn.

Kommunen er bevisst på å kalle inn søkjarar på intervju basert på kvalifikasjonar, og har dei siste åra tilsett fleire medarbeidarar med utanlandsk opphav, også i administrative stillingar. Likebehandling er ein viktig verdi i kommunen, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå i 2025. Kommunen har ein liberal praksis når det gjeld mogelegheiter for mellombels redusert arbeidstid i periodar med omsorg for små barn. Det er ikkje konkrete planar om større tiltak.

Arbeidstid / deltid

Øystre Slidre kommune har fokus på deltidsproblematikk. Gjennomsnittleg stillingsprosent (fast tilsette) har utvikla seg slik (status per 31.12 kvart år):

Utvikling deltid (stillingsprosent) fordelt på kjønn:



Gjennomsnittleg stillingsprosent (faste stillingar) har – kommunen sett under eitt – gått litt ned frå 2024.

For kvinner er endringa fordelt slik (på område):

Område	2021	2022	2023	2024	2025
Opplæring og kultur	89,58	85,91	86,12	84,64	81,13
Helse og omsorg	65,15	69,05	72,75	75,25	80,48
Andre	86,00	84,67	85,98	88,36	71,98
Totalt	78,02	79,13	80,78	82,24	81,98

I turnusyrke er dette ei kompleks problemstilling. Krav til bemanning på helg vil medføre at stillingsutvidingar vil utløyse fleire reine helgestillingar (små delstillingar), dersom det ikkje samstundes blir gjort noko med arbeidstidsordningane. Likevel ser vi at gjennomsnittleg stillingsstorleik innanfor helse og omsorg (kvinner) har gått vesentleg opp dei seinare åra. Dette kan delvis forklarast gjennom innføring av langvakter.

Kommunen praktiserer elles deltidstilsette sin rett til stillingsutviding, gjennom å lyse ut ledige faste stillingar internt i samsvar med føresegnene i Hovudtariffavtalen. Der det blir vurdert som føremålstenleg. TØRN-prosjektet i helse- og omsorgssektoren har også fokus på deltidspromatikken.

Etisk standard

Under gjer vi greie for tiltak som er sett i verk eller er planlagt sett i verk for å sikre ein høg etisk standard (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2. ledd, bokstav d).

Kommunens etiske retningslinjer (vedtekne i -22) bygger på kommunen sine verdier frå samfunnsdelen av kommuneplanen, og er utarbeida i samsvar med råd frå KS. Dei etiske retningslinjene inneheld m.a. skildringar av interessekonfliktar, inkl. habilitetsspørsmål, bi-jobbar og gåver/fordelar, og seier noko om reaksjonar ved brot på retningslinjene.

Kommunen hadde ingen varslingsaker i 2025. Kommunen sine varslingsrutinar vart sist reviderte i 2023.

Miljø

I kommuneplanen sin samfunnsdel heiter det at *"Me skal sikre kvalitetane i naturen for oppleving, næring og utvikling, og tenkje klima og miljø i alt me gjer. Me skal styrke nasjonalparkkommunesatsinga, noko som er positivt både for næringslivet, innbyggjarane og deltidsinnbyggjaren. Utbyggingsgrensene i fjellet og i stølsområda skal stå fast. Gjennom god og styrt tilrettelegging skal me skjerme sårbare områder og redusere eit eventuelt konfliktnivå. Me skal vere i forkant av den grønne omstillinga og klimamåla for 2050, og legge særleg vekt på arbeidet gjennom satsinga Klima+."*

Kommunen vart miljøsertifisert i 2021.

Kommunedirektøren sin internkontroll

Kommunen sitt elektroniske internkontrollsystem er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrar (1052 dokument/lenkjer per mars 2025).
- System for ROS-analyser
- System for avviksmeldingar/-handtering (inkl. ulykker/nesten-ulykker)
- System for varsling

Det vart i løpet av 2025 meldt om 495 avvik. Dette er ein oppgang frå tidlegare år, og kan truleg forklarast med at kommunen har hatt eit tydeleg fokus på avviksregistrering, både på leiarnivå og ute i verksemdene dei siste åra. Det har vore eit uttalt mål å motverke ev. underrapportering av avvik.

Dei siste fem åra har talet på avvik variert slik:

År	Tal avvik
2021	126
2022	199
2023	345
2024	445
2025	495

Avvika er fordelt slik på kategori:

Kategori	2021	2022	2023	2024	2025
Teneste/brukar	45,8 %	40,6 %	46,1 %	37,1 %	36,6 %
Organisasjon/internt	22,0 %	16,6 %	17,8 %	22,2 %	20,4 %
HMS	30,4 %	41,7 %	34,5 %	39,8 %	42,2 %
Personvern/GDPR	1,8 %	1,1 %	1,6 %	0,9 %	0,7 %



Avvika fordeler seg slik på alvorsgrad:

Alvorsgrad	2021	2022	2023	2024	2025
Låg	47	126	219	262	378
Middels	53	62	107	158	104
Høg	26	11	19	25	13
Totalt	126	199	345	445	495

Kommunen har hatt fokus på rett kategorisering av avvik. Sjølv om det framleis er ein for stor del av meldte avvik som er meldt på ein høgare alvorsgrad (middels/høg), som ved nærare gjennomgang viser seg å vere av mindre alvorleg karakter, ser det ut til å vere ei klar betring på dette området. Ingen av avvika som i -25 vart meldt med høg alvorsgrad var så alvorlege.

Avvika fordeler seg slik på område:

Område	2021	2022	2023	2024	2025
Helse og omsorg	75	54	142	205	222
Opplæring og kultur	44	137	183	233	265
Andre	7	8	20	7	8
Totalt	126	199	345	445	495

Internkontroll har vore tema på fleire leiarmøte også i 2025.



Kommunen sine tenesteområde

Kommunedirektør - fellesområde

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Verksemd	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2024	2025	2025			
100-Politisk leing og kontrollorgan	3 150	3 292	3 055	238	7,2 %	✓
110-Kommunedirektør felles	2 589	4 029	2 127	1 903	47,2 %	✓
120-Stab	17 687	19 412	18 015	1 397	7,2 %	✓
800-Kraftforvaltning	-12 198	-23 021	-23 342	321	1,4 %	✓
910-Renter og avdrag	1	0	3	-3	0,0 %	✓
950-Pensjon, finansiering mv. felles	-9 478	-16 562	-14 888	-1 674	-10,1 %	!
Sum	1 751	-12 849	-15 031	2 182	17,0 %	✓

Kommentar til status økonomi

Kommunedirektøren – fellesområde viser samla mindreforbruk/meirinntekt på 2.182`. Det skuldast i hovudsak:

Politisk leing: (mindreforbruk 238`)

- Mindreforbruk på 227` på lønn, som er jamt fordelt mellom godtgjering til leiarar, møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

Kommunedirektøren felles og stab: (mindreforbruk på til saman 3.300`)

- 656` er ufordelt budsjettert lønsvekst. Det var sett av 4,3 mill. kr til lønnsvekst i -25 i budsjettet. Det meste er fordelt til tenesteområda i tråd med faktisk lønnsvekst. Mindreforbruket her dekker inn litt av meirforbruket på pensjon.
- 1.100` er unytta løyvingar under utgiftssida, m.a. som følgje av nøktern bruk av pengar og ikkje mange uføresette kostnadskrevjande hendingar.
- 255` er meirinntekter på stab/økonomi. Kommunen har oppdrag med rekneskap og lønn for Valdres brann- og redningstjeneste IKS, IKT Valdres IKS, to kyrkjelege fellesråd (Øystre Slidre og Vestre Slidre) og ei stifting. I tillegg får kommunen gebyrinntekter i samband med innkreving.
- 1.216` av mindreforbruket på stab skuldast interne flyttingar i rekneskapen som ikkje er budsjettert slik: 524` i lågare kostnader til IKT Valdres, etter at desse er flytta til integreringstenesta. 692` i indirekte kostnader kraft som er inntektsført under stab og kostnadsført under kraftområdet, for å få samsvar med grunnlaget for skattemelding for kraftforvaltninga.

Kraftforvaltning: (meirinntekt 321`)

- Som følgje av betre salsprisar enn estimert ved 2.tertial. Vi viser elles til eige kapittel om kraftforvaltning.

Pensjon mv.: (meirforbruk 1.674`)

- Meirforbruket skuldast at kostnadene ved den nye pensjonsordninga (livsvarig AFP) ikkje var med i dei fyrste prognosane som kom frå pensjonsleverandørane, og som låg til grunn for budsjettet.



Samla for kommunen er meirforbruket på pensjon 2,5 mill.kr. Resten av meirforbruket (ca. 0,8 mill.) ligg fordelt ut på tenestene. Den delen som blir ført sentralt er bruk av premiefond og premieavvik.

KOSTRA Nøkkeltal

	Øystre Slidre 2024	Øystre Slidre 2025	Kostragruppe 04	Landet utan Oslo
Prioritet				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	7 347	5 473	6 033	
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	264	196	229	
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	536	403	669	

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Kommunen har administrative utgifter som er lågare enn kostragruppe 04 i 2025, samla om lag 1,8 mill. kr.

Kommunen har i 2025 brukt mindre til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i kostragruppe 04.

Kommunen sine utgifter til politisk styring gjekk litt ned i 2025 og 2024, og ligg lågare enn kostragruppe 04.



Opplæring og kultur

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Verksemd	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %	
	2024	2025	2025			
200-Felles opplæring og kultur	8 580	7 314	5 661	1 653	22,6 %	✓
211-ØSUS	13 845	16 024	16 947	-922	-5,8 %	!
212-Rogne skule	20 502	18 304	18 325	-22	-0,1 %	✓
215-Lidar skule	16 442	17 403	18 016	-613	-3,5 %	!
232-Rogne barnehage	13 939	15 749	15 825	-76	-0,5 %	!
236-Beito barnehage	7 163	8 021	8 611	-589	-7,3 %	!
238-Private barnehagar	5 838	6 324	7 196	-872	-13,8 %	!
250-Kulturavdelinga	9 778	10 672	10 741	-69	-0,6 %	!
280-Integreringstenesta	0	182	0	182	100,0 %	✓
Sum	96 087	99 993	101 321	-1 328	-1,3 %	!

Kommentar til status økonomi

Området viser samla sett eit meirforbruk på 1.328`, som er forklart nedanfor.

Felles opplæring og kultur (mindreforbruk 1.653`):

- Skyss kommunale brukarar/skuleskyss viser mindreforbruk på 555` som ein konsekvens av reduserte vedtak om alternativ skuleskyss.
- Kjøp av tenester frå andre kommunar (gjesteelevar) er 531` lågare enn budsjettert, etter endring i behov og vedtak om skuleplass i anna kommunen.
- Unytta løyvingar på ca. 320`, til m.a. utgifter til kurs. Kurs har hovudsakeleg vore dekt inn av statlege tilskot i 2025.
- Interkommunal PPT viser mindreforbruk på 247`, som følgje av ubesette stillingar, jf. årsrapport frå Nord-Aurdal kommune.

ØSUS (meirforbruk 922`):

- Mindreinntekt på refusjonar (1.199`), etter nedgang i gjesteelevar i kommunen.
- Høgare tolkeutgifter (262`) enn budsjettert, som følgje av fleire utanlandske elevar i 2025.
- Andre vegen går eit mindreforbruk på løn med 539`. Det har vore reduksjon i sjukefråværet hausten -25, slik at det ikkje har vore store vikarbehov så lang dette skuleåret.

Rogne skule (meirforbruk 22`):

- Meirinntekter på refusjonar frå stat (totalt 414`). Dei ekstra inntektene dekker opp for meirforbruk på driftsutgifter (løn med 131`, driftsutgifter med 296`; lærebøker og skyss-utgifter knytt til symje-transport).

Lidar skule (meirforbruk 613`):

- Meirforbruket gjeld i all hovudsak løn. Det var tilsett litt meir enn budsjettert i hausthalvåret, bl.a. pga. oppstart av klassekorps. Lidar skule hadde også mindreinntekt på sjukepengerefusjon. Det skuldast lågare sjukefråvær enn føresett i budsjettert.



- Mat til SFO og basisgruppa har også medført eit meirforbruk (22').

Rogne Barnehage (meirforbruk 76`):

- Meirforbruket skuldast avvik i inntekter. Eigenbetaling vart lågare (324'), etter at foreldrebetaling i barnehagane vart redusert frå 1.august (jf. RNB). Inntektstapet er kompensert med auka rammetilskot frå staten, som ligg under sentralt område i rekneskapen. I tillegg fekk barnehagen mindre inntekter frå lmdi til barnehagetiltak (251') enn søkt om og budsjettert. Andre vegen gjekk refusjon frå andre kommunar, som vart 365' høgare her enn budsjettert.

Beito barnehage (meirforbruk 589`)

- Meirforbruket gjeld i all hovudsak løn (541'). Hovudforklaringa er at sjukefråværet var lågare enn det som var føresett i budsjettert. Det var også eit meirforbruk på fastløn (170'), som følgje av at det var tilsett litt meir enn budsjettert i vårhalvåret.

Private barnehagar (meirforbruk 872`)

- Tilskotet til Heggebø barnehage er 872' høgare enn budsjettert, som følgje av at endeleg vedtak om tilskot vart høgare enn budsjettert (ca. 275'), og at det kom på nye spesialpedagogiske behov som ikkje var budsjettert.

Kultur: (meirforbruk 69`)

- Kulturskulen har eit meirforbruk på 250'.
- I 2025 vart det tilbakeført ei eldre avsetjing for spelemiddelforsterking med kr 150', etter at alle relevante tiltak er avslutta. Ser ein bort frå denne inntektsføringa, er det reelt meirforbruk på kultur 2025 totalt på 219'.

Integreringstenesta (mindreforbruk 182`):

- Integreringstenesta er saldert mot flyktningfond. Mindreforbruket skuldast at budsjettert etter ei budsjetttjustering ved ein feil ikkje vart saldert mot fond.
- Vi har busett noko færre flyktningar enn vedteke i både 2024 og 2025. Dette gjer at både inntektene og utgiftene har vore lågare enn budsjettert. Inntektene (integreringstilskot og norsktilskot) var lågare enn budsjettert (1.363'). Det er mindreforbruk på introduksjonsstønad (1.050') fordi det ikkje har vore så mange deltakarar i introduksjonsprogrammet som venta. Færre busette flyktningar enn venta har gitt lågare utgifter enn venta til drift, til dømes til lærebøker og anna undervisningsmateriell (36'), og til bruk av tolk (398'). Vi har meirforbruk når det gjeld skyss, både med eigen bil og drosje (294'). Netto totalt vart avsetjinga for integreringstenesta til flyktningfond 243' lågare enn budsjettert.
- Heile kommunen er involvert i busetjing og integrering av flyktningar. Kommunen har som praksis å føre oversikt over ekstra inntekter og utgifter knytt til busetjing av flyktningar. Her vises oversikta for 2025 samla for kommunen:



Resultatpost 2025	Integrer. - tenesta	Kommune- dir. felles	Opplær. og kultur	Helse og omsorg	Tekniske tenester
Introstonad	4 591	-	-	-	-
Lønn øvrig	8 039	192	2 283	973	456
Sosialstonad	-	-	-	5 209	-
Utgifter øvrig	2 992	8	44	3 027	1 864
Inntekter	-27 117	-	-754	-2 927	-
Regnskapsresultat	-11 495	200	1 573	6 282	2 320
Avsett til / bruk av (-) ubunde flyktn fond	11 495	-200	-1 573	-6 282	-2 320
Netto regnskapet	-	-	-	-	-
Budsjett	11 738	-200	-1 516	-7 820	-1 082
Avsetn ut over budsj.	-243	-	-57	1 538	-1 238

I 2025 vart det busett 20 flyktingar i kommunen. Av dei totalt 20 personane som avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av 2025 var det 3 som avslutta på grunn av utvandring. Av dei attverande 17 personane var det 11 som gjekk rett ut i arbeid eller ordinær utdanning, noko som utgjer 64 %. Av dei 6 som ikkje gjekk direkte ut i arbeid fekk 5 personar arbeidsretta oppfølging av Nav.



Status måltabell

Mål	Indikator	Kommentar	Mål Resultat	
			2025	2025
Hovudmål:				
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.				
Delmål:				
Vi vil vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023	Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023		7,8 %	8,8 %
Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Innanfor budsjett		100,0 %	101,3 %
90% av dei som avslutta introduksjonsprogrammet og er arbeidsføre skal vera i jobb eller utdanning etter eitt år.	Prosentandel avarbeidsføre	Tal er ikkje publisert enda, trulig mai.	90 %	
Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli ivareteke på ein god måte, få informasjon om sitt barn i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompetansen.	Foreldrekompetanse: Foreldreskulen er tiltak for å heve foreldrekompetansen. Blir målt i prosentvis oppmøte.	For få påmelde, foreldreskulen vart avlyst		0,0 %
	Foreldreundersøkinga: Barnehagen jobbar for å sikre foreldra si medvirkning.			3,9
	Foreldreundersøkinga: Eg har inntrykk av at barnet mitt trivst i barnehagen			4,4
	Foreldreundersøkinga: Oppleve at barnet mitt føler seg trygg på personalet			4,4
Alle ungane i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med.	Foreldreundersøkinga: Eg har eit inntrykk av at mitt barn har vener i barne-hagen			4,6
	Sosiogram - løpande observasjon (1=ok, 2=ikkje ok)			1
Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette.	Prosent av tilsette som deltek			100,0 %
Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte.	Prosent av totalt antal pedleiarar			100,0 %
Vi skal ikkje ha pedagogiske leiarar på dispensasjon	Årsverk på dispensasjon			1



Mål	Indikator	Kommentar	Mål Resultat		
			2025	2025	
Hovudmål:					
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.					
Delmål:					
Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.	Elevunders. 10. trinn - Elevdemokrati og medvirkning		3,5	✓	
	Elevunders. 10. trinn - Felles regler		3,7	–	
	Elevunders. 10. trinn - Læringskultur		3,7	✓	
	Elevunders. 10. trinn - Mobbet av andre elever på skolen		29,6	!	
	Elevunders. 10. trinn - Støtte fra lærerne		3,6	–	
	Elevunders. 10. trinn - Trivsel		4	✓	
	Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning		3,7	✓	
	Elevunders. 7. trinn - Felles regler		4,2	✓	
	Elevunders. 7. trinn - Læringskultur		4,2	✓	
	Elevunders. 7. trinn - Støtte fra lærerne		4,3	✓	
	Elevunders. 7. trinn - Trivsel		4,1	✓	
	Elevane skal ha ei god fagleg utvikling.	Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing		48	–
		Nasjonale prøver 8. trinn: Regning		47	–
		Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing		49	–
		Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing, mestringsnivå 1		22,9	!
		Nasjonale prøver 9. trinn: Regning		49	–
		Nasjonale prøver 9. trinn: Regning, mestringsnivå 1		18,2	!



KOSTRA Nøkkeltal

	Øystre Slidre 2024	Øystre Slidre 2025	Kostra- gruppe 04	Landet utan Oslo
Prioritet				
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	591	559	759	
Barnehage netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	6,9 %	8,7 %	10,0 %	
Barnehage netto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	9,9 %	11,6 %	11,8 %	
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud (B) *) **)	380	578	868	1 207
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	2 040	2 234	3 021	3 211
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	23,8 %	24,1 %	20,4 %	22,3 %
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,0 %	2,3 %	3,0 %	3,9 %
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B) *) **)	240	390	139	227
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	242 862	264 234	261 189	243 689
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	167 994	155 954	133 571	124 450
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	6 685	7 443	5 388	3 553
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	7 624	11 884	16 074	20 231
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,2 %	1,4 %	1,1 %	0,9 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	2,7 %	2,7 %	2,3 %	
Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6 %	0,5 %	0,4 %	
Produktivitet				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieell (202), per elev i grunnskolen *)	3 186	2 403	2 430	2 011
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	240 772	244 058	193 359	165 058
Dekningsgrad				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	5,0 %	1,3 %	2,3 %	3,7 %
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	5,3 %	3,8 %	3,1 %	3,6 %
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (prosent)	5,7 %	3,0 %	7,0 %	9,9 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	9,5 %	9,1 %	9,2 %	7,7 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	7,0 %	6,1 %	6,0 %	5,8 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	106,9 %	91,7 %	83,3 %	89,7 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	23,3 %	26,1 %	20,3 %	18,7 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	69,4 %	73,9 %	61,7 %	64,1 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	61,3 %	69,2 %	62,7 %	64,7 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	4,5	4,4	3,5	2,6
Kvalitet				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	39,1 %	34,8 %	42,2 %	41,4 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	82,8	88,7		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,6	4,0		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	40,7	38,7	41,3	42,0
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	8,9	8,5	10,9	12,5

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov



Skule

Kommunen nyttar 24,1% av samla netto driftsutgifter innan grunnskulesektoren, i 2024 var det 23,8% (Prioritet). Dette er over kostragruppa og landet. Ser vi på netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år har vi gått ned. I 2024 var det 167.994, i 2025 var det på 155.954. Vi ligg over kostragruppa og nasjonalt. Vi ligg no likt med Kostragruppa når det gjeld driftsutgifter til undervisningsmateriell pr elev, og gått ned frå nivået i 2024 (Produktivitet).

Innanfor skulefritidsordninga er netto driftsutgifter pr innbyggjar 6-9 år gått opp frå kr 7.331 i 2024 til kr 11.844 i 2025(Prioritet). Dette er enno under samanlikna med kostragruppa (kr 16.074) og landet (kr 20.231). Kostra og landet har hatt ein forholdsmessig like stor auke frå 2024 til 2025. Årsaken er fleire barn på SFO med 12 timar gratis SFO pr veke.

Kommunen ligg så å seie over likt kostragruppa når det gjeld del elevar som mottek individuell tilrettelagt opplæring med 9,1%, men over landet på 7,7% (Dekningsgrad). Dette er det lågaste nivået i kommunen dei siste fire åra. Kostra viser at vi ligg over nivået i 2024 på tal timar gjeve som individuell tilrettelagt opplæring av tal lærartimar totalt, frå 23,3 til 26,1. Vi ligg over kostragruppa (20,3%) og landet (18,7%). Det vil seie at vi har færre elevar som mottek individuell tilrettelagt opplæring, men at behovet for hjelp er stort.

Særskild språkopplæring har vore høgare enn kostra og landet dei siste åra på grunn av høge busettingstal, men i 2025 har vi gått ned og ligg no likt med kostragruppa.

Del undervisning gjeve av godkjent undervisningspersonale er på 88,7 (Kvalitet). Dette er ei auke frå tidlegare år.

Nasjonale prøver viser at vi har 73,9% av elevane på meistringsnivå 3-5 i lesing 8 .trinn, mot 69,4% i 2024. Vi ligg godt over kostragruppa og landet, og har hatt ei auke dei siste åra. På rekning 8. trinn går vi opp frå 2024 med 61,3% til 69,2% og ligg godt over kostragruppa og landet. Vi har ein nedgang i grunnskulepoeng, samanlikna med 2024 frå 40,7 til 38,7. Vi ligg her under kostragruppa og landet.

Elevundersøkinga viser eit betre resultat på trivsel enn i 2024 frå 3,6 til 4,0. Tala for kostragruppa og landet utanom Oslo er ikkje tilgjengelege, men offentlege tal for landet viser at vi ligg jamnt med nivået i landet på trivsel.

Gjennomsnittleg gruppestørrelse i grunnskulen er på 8,5. Her ligg vi lågare enn kostra-gruppa og landet.

Barnehage

Kommunen nyttar 11,6% av samla netto driftsutgifter til barnehage, mot 9,9% i 2024 (Prioritet). Dette er omlag likt som kostragruppa. Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år er auka samanlikna med 2024 (under Prioritet), og vi ligg no litt over kostragruppa, og godt over landet.

Andel barn i kommunale barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp er gått ned (sjå under Dekningsgrad), men vi ligg over landet utan Oslo, og kostragruppa. Årsaka er at fleire av barna med spesialpedagogiske behov no er gått over i skulen.

Andel minoritetspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrarbarn er i 2025 på 91,7%. Vi ligg godt over kostragruppa (83,3%) og over landet (89,7).

Kostra viser at det er ein reduksjon i del barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga frå 39,1 i 2024 til 34,8% i 2025. Vi ligg under snittet i kostragruppa og landet. Forklaringa på dette er at vi har ein tilsett på dispensasjon frå kompetansekravet i ei av pedagogstillingane. Denne stillinga er ikkje rekna med i statistikken, i 2024 hadde vi ingen på dispensasjon.



Kultur

Kommunen har hatt lågare utgifter til *Andre kulturaktivitetar og tilskot til andres kulturbygg per innbyggjar* frå 591' i 2024 til 559' i 2025 (Prioritet). Vi ligg godt under kostragruppa på 759'. Årsaka er at delar av kulturmidlane er delt ut innan andre kostrakategoriar.

Kommunen delte ut 399' i kulturtilskot til private, lag og foreiningar i 2025. Den totale søknadssummen til ordninga var 1.135'. Dei fleste søkjarane har fått tilskot, men mindre enn søknadssummen slik at fleire skal få tilskot. Enkelte søkjarar har fått avslag.

Utover kulturtilskotet, utbetalte kommunen avtalefesta årleg tilskot til idrett- og kulturtiltak med 220' til Valdresmusea, 24' i driftsbidrag/forsikring til Dale mølle, 95' til Valdres storhall og 11' til VNK til produksjonsstøtte for folkemusikk.

Kulturskulen har gått opp frå kr 6.685 i 2024 til kr 7.443 i 2025 på netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15år (under prioritet). Vi ligg godt over kostragruppa (kr 5.388 og landet kr 3.553). Oppgangen er eit resultat av lågare inntekter frå elevbetaling grunna færre registrerte elevar ved rapportering i 2025 enn i 2024, og auka lønnskostnadar og satsinga på breiddetilbod i barnehage og klassekorps i 4. klasse. Om lag 32% av elevane i grunnskulen er registrerte elevar i kulturskulen - 39% om vi legg til elevane i klassekorps. Ventelista til kulturskulen har gått ned til 1,3%.

Biblioteket er mykje brukt, og ligg på same nivå som i 2024 på utlån per innbyggjar (under dekningsgrad). Det er godt over kostragruppa for landet. Skulebiblioteka er mykje brukt.



Helse og omsorg

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Verksemd	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %	
300-Felles helse og omsorg	17 115	22 772	21 343	1 429	6,3 %	
310-Helse og tilrettelagde tenester	44 869	41 371	47 862	-6 491	-15,7 %	
350-Førebygging og meistring	38 413	39 664	41 439	-1 775	-4,5 %	
360-Institusjonstenester	34 725	36 425	38 657	-2 232	-6,1 %	
Sum	135 121	140 232	149 301	-9 070	-6,5 %	

Kommentar til status økonomi

Helse og omsorg samla viser meirforbruk på 9.070`. Kort oppsummert:

- Samla er det mindreforbruk på lønn/sosiale kostnader på 3.252`, men meirforbruk på bruk av vikarbyrå med 9.201`. Vikarbyrå fordeler seg slik på tenesteområda: Førebygging og meistring 4.237`, institusjon 2.305`, helse og tilrettelagde tenester 2.784` (741` innanfor legetenesta, og 2,0 mill. kr på Brennebakkin tilrettelagde bustader). Netto gjev dette eit meirforbruk for bemanning innan helse og omsorg på 5.949`. Største budsjettavviket ligg på Brennebakkin tilrettelagde bustader.
- Det er også meirforbruk på kjøp av tenester frå interkommunale tenester med 1.700`, i all hovudsak innan barnevern.

Vi viser til omtale nedanfor av dei enkelte tenesteområda:

Felles helse og omsorg (mindreforbruk 1.429`):

Felles helse og omsorg (felles) (mindreforbruk på 849`)

- Består dels av noko meir refusjonar frå staten enn budsjettert (515`), og dels unytta løyvingar på utgiftssida.

Interkommunale tenester (meirforbruk på 1.700`):

- Barnevern viser meirforbruk på 2.076`. Det vart ved 2.tertial 2025 varsla meirforbruk knytt til stillingar ut over budsjett med godkjenning frå kommunedirektørane, og innleige av barnevernkonsulentar for å ivareta forsvarleg saksbehandling.
- Interkommunal legevakt har eit meirforbruk på 601`.
- Miljøretta helsevern viser meirforbruk på 182`, grunna eit urealistisk lågt budsjett.
- Krisesenter og barnevernsvakt viser meirforbruk på 81`.
- Andre vegen går mindreforbruk for Øvre Valdres psykologiteneste -174`. Det vart ved økonomiplan-25 vedteke reduksjon i fordelinga mot Øystre Slidre kommune med 0,1 årsverk med verknad frå 2026, men reduksjonen er i praksis iverksett i 2025. VLMS (-736`). Jordmor og helsesøster (-139`). Fact-team (-149`).

Vi viser til årsrapport frå vertskommunane (vedlegg).



Tildelings-/bustadkontor (mindreforbruk 2.280`):

- Tildelings- og bustadkontoret har i 2025 hatt eit mindreforbruk på lønn grunna vakanse og langtidsfråvær. Det er gjennomført tilsetjing i vakant stilling hausten 2025 og vikariat fyrste kvartal 2026.
- Det har i 2025, som tidlegare år vore behov for å leige inn bustader for framleige til busetting av kollektiv fordrivne og til vikarar. Vi har lykkas med å avvikle ein del leigeforhold noko som gjer at vi for 2025 leverer i tråd med budsjett.
- Tildelings- og bustadkontoret har inntekter over budsjett både i forhold til husleigeinntekter og eigenbetaling, men meirinntektene er redusert i forhold til tidlegare år. Dette grunna redusert belegg i institusjon og fleire tomme omsorgsbustader. I forhold til husleige bustader har det vore ei meirinntekt på 1.580`.
- Ein del av husleigeinntektene for 2025 og meirinntektene er som tidlegare år dekkja av sosialbudsjettet. Det har også vore høgare bustadutgifter som ligg under tekniske tenester.

Helse og tilrettelagde tenester (meirforbruk på 6.491`):

Brennebakkin tilrettelagde bustader (meirforbruk på 5.039`):

- Alt vesentleg er på lønn og sosiale kostnader (2.963`), der det meste er knytt til overtid og innleige av tilsette, og vikarbyrå (ca. 2.043`). Meirforbruk på lønn inkluderer også avvik på avtalefesta tillegg faste stillingar (322`), og mindre sjukepengerefusjon enn budsjettet, fordi fråværet har gått ned.

Brennebakkin har siste par åra fått fleire brukarar, og alle brukarar har vedtak, noko som gjer at vi må ha full bemanning til ein kvar tid for å drive innanfor lova. Dette er krevjande, spesielt når det oppstår fråvær. Tenesta har slitt med sjukefråvær og overtid- og vikarkostnader over lengre tid, og arbeid med tiltak som skal betre situasjonen. Arbeidet har begynt å få positive verknader, som at sjukefråværet gjekk ned i 2025. Fortsett den gode utviklinga, vil det framover redusere overtid- og vikarkostnader.

- I tillegg er det negativt budsjettavvik på avgifter og lisensar (110`).
- Meirforbruk på kjøp av ekstern plass (110`). Budsjettposten har ikkje halde tritt med faktisk prisutvikling.
- Meirinntekt på tilskot for ressurskrevjande brukar (349`). Vi fekk i 2025 kompensert også for utgifter i 2024 dette var ikkje budsjettet.

Legetenesta (meirforbruk på 1.745`):

- Mindreinntekter refusjonar frå staten (Helfo) (657`). Sett i ettertid var budsjetterte inntekter for høgt for 2025.
- Medisinsk forbruksmateriell og medisinar (209`).
- Tilskot til turnuslege (267`) - dette er utgifter frå 2024 pga. manglande søknad om tilskot for ALIS dette året som normalt skulle bidrege til netto null for kommunen.
- Tolketenester ut over budsjett (120`).
- Avsetning til tap (314`). Akkumulert utestående over siste tre år, som har auka betydeleg i 2025.
- Bruk av vikarbyrå (742`) for å dekke inn for manglande legar i ferieavvikling sommar 2025, som ikkje er budsjettet, er dekkja inn av mindreforbruk fastlønn mv. (-525`) og av fondsmidlar/ tilskot frå helsedirektoratet – styrking av daglegevakt (200`).



Helsestasjon og skulehelseteneste og psykisk helse har et mindre forbruk på 293`:

- Mindreforbruk er knytt til lønnskostnader i psykisk helse og tilskotsmiddel til prosjektstilling i helsestasjon.

Førebygging og meistring (meirforbruk 1.700`):

- Meirforbruket er grunna bruk av vikarbyrå med 4.237` i tenesteområdet. Dette må sjåast opp mot mindreforbruk på lønn med 3.752` grunna vakansar og vanskeleg tilgang på vikarar i deler av stillingane.
- Meirkostnadar grunna innføring av nye tryggleiksalarmar 211' og grunna implementering av medisindispensarar.
- Meirkostnadar på 916` grunna kjøp av helsetenester som erstattar eigen tenesteproduksjon.

Institusjonstenester (meirforbruk 2.200`):

- Meirforbruket er grunna bruk av vikarbyrå med 2.305` i tenesteområdet. Dette må sjåast opp mot mindreforbruk på lønn med 1.337`. Hovudforklaringa på dette ligg i vakante stillingar og vanskeleg tilgang på ordinære vikarar. Det har difor vore naudsynt å bruke vikarbyrå for å fylle opp stillingane.
- I peroder har det vore behov for auka grunnbemanning i direkte pasientoppfølging.
- Avdelingsleiar på Juvike og Midthøgde har vore frikjøpt 50% ekstra i 2025 på grunn av arbeidet rundt TØRN. Dette utgjør til saman ein 100%.
- På kjøkkenet viser rapporten eit meirforbruk på 575`. Dette skuldast dels prisvekst på matvarer, og dels ein budsjettert inntektspost frå tidlegare som ikkje lengre er reell (420`).
- På innkjøp av medisinar og medisinsk forbruksmaterieell er det til saman eit meirforbruk på 155`.



Status måltabell

Mål	Indikator	Kommentarar	Mål 2025	Resultat 2025
Hovudmål: Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggjarane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.				
Delmål:				
Vi vil vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023		På helsetunet har vi rekrutert sjukepleiarar og helsefagarbeiderar i 2025	10,90 %	11,60 %
Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Innanfor budsjett	Gurnna bruk av vikarbyrå pga vakansar er det eit overforbruk. Dette vil bli avslutta i løpet av 2026	100,0 %	106,5 %
Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan	Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak		100 %	100 %
Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.	Andel undersøkingar med behandlingstid innan 3 månader.		100 %	100 %
Vi skal legge til rette for at den einskilde skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.	Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon			68 %
	Tidsbegrensa opphald - gjennomsnittleg antal tal døgn per opphold (antall)			10,5
Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.	Antall fakturerbare liggedøgn	Enkelt situasjon	0	54
Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning.	Andel brukerretnede årsårverk i omsorgstjenesten m/helsefagutdanning (prosent)	Ikkje tilgjengeleg statistikk pr mars 26	82 %	
Vi skal bidra til at innbyggjarar skal meistre eget liv.	Gjennomført meistringskurs - eigne eller i samarbeid med andre	Sterk og stødig, trygghets-sirkel, rehabilteam	1	1
	Sett i gang prosjekt med mål om å bevisstgjere organisasjonen om kva som fremjer eigen meistring (1=ja, 2=nei)	Rehabilteam, senior-seminar, gågrupper, Treffpunkt Heggenes, Aktiv senior, Dame-trimmen Sprek og glad, Onsdags- og fredags-trimmen, Mor og baby	1	1
Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet	Vurdering (1=ok, 2=ikkje ok)		1	2



KOSTRA Nøkkeltal

	Øystre Slidre 2024	Øystre Slidre 2025	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
Prioritet				
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (257) hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samløst lokaliserte omsorgsboliger (B) *) **)	9 551	10 994	9 667	8 722
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (258) hjemmetjenester - ambuleringer med mer (B) *) **)	6 948	7 147	7 757	7 059
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (261) Institusjonslokaler (B) *) **)	3 579	3 420	1 869	1 397
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	475 662	348 951	405 682	414 367
Netto driftsutgifter per innbygger (253) helse- og omsorgstjenester i institusjon (B) *) **)	10 269	8 815	9 553	8 712
Netto driftsutgifter per innbygger (257) hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samløst lokaliserte omsorgsboliger (B) *) **)	9 592	11 144	6 718	6 627
Netto driftsutgifter per innbygger (258) hjemmetjenester - ambuleringer med mer (B) *) **)	6 537	6 766	6 828	6 905
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	26 508	29 820	20 399	16 950
Produktivitet				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	13,1	14,5	12,8	14,3
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	67 832	69 754	69 648	71 216
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 668 391	1 616 806	1 680 538	1 734 560
Dekningsgrad				
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	38,2 %	38,0 %	26,5 %	29,0 %
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	4,1 %	4,8 %	2,9 %	2,2 %
Andel beboere i institusjoner 80 år og over (B)	56,0 %	68,0 %	66,6 %	63,2 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	36,4 %	39,5 %	35,4 %	34,0 %
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B)	5,3 %	7,3 %	6,1 %	5,8 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)	8,0 %	7,1 %	8,1 %	5,1 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	5,2 %	4,8 %	4,2 %	4,1 %
Kvalitet				
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	969,0	889,0	852,0	957,0
Kommunekasse				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	31,0 %	36,3 %	37,8 %	38,5 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse) *) **)	4 100	4 064	3 764	3 513
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse) *) **)	4 491	5 017	4 793	4 464
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	298	168	375	455
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B) (Kommunekasse) *) **)	30 951	31 054	26 039	24 377
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommune helse (B) (Kommunekasse) *) **)	5 100	4 988	4 806	4 553

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov



Pleie og omsorg

Kommunen har i 2025, som tidlegare år, relativt høge netto driftsutgifter per innbyggjar innan pleie- og omsorgsfeltet samla sett. Det gjeld særleg tenester knytt til samlokaliserte bustader med døgnbemanning. Dette er ei brukargruppe med omfattande behov, og tenestene er derfor kostnadskrevjande.

Kommunen har dei siste åra jobba målretta for å dreie tenestetilbodet frå institusjonsbaserte tenester til meir heimebaserte løysingar. Delen innbyggjarar over 80 år som bur i institusjon er redusert vesentleg siste år og netto driftsutgifter på området går ned.

Det er særleg positivt at kommunen, trass i reduksjon i institusjonstilbod og fleire pasientar med «omfattande bistandsbehov» enn samanliknbare kommunar, likevel har ein lågare del mottakarar av heimetenester og lågare driftskostnadar til ambulerande heimetenester enn gjennomsnittet i eigen KOSTRA-gruppe og landsnittet. Dette indikerer god treffsikkerheit i tildeling og effektiv bruk av ressursar i institusjon og heimebaserte tenester.

Det er ei auke i talet på mottakarar av helse- og omsorgstenester over 80 år. Dette er som venta grunna demografisk utvikling. Auken er likevel lågare enn tidlegare prognosar. Dei siste åra har veksten i talet på mottakarar mellom 0–66 år vore større enn for gruppa 80+. Delen mottakarar i den yngre aldersgruppa er no høgare enn i den eldste aldersgruppa.

Forklarande døme:

- Styrking av førebyggjande og tidleg innsats, t.d. velferdsteknologi, tryggleiksalarmar og kvardagsrehabilitering, fører til at fleire kan bu heime lengre.
- Systematisk gjennomgang av institusjonsbruk, inkludert korttidsplassar, har redusert unødvendige langtidsopphald.
- Rekrutteringsutfordringar og fleire vakante stillingar har i store deler av 2025 gjeve behov for å leie inn arbeidskraft frå vikarbyrå.
- Omlegging frå institusjon til heimebasert omsorg gjer at institusjonsutgiftene fell, men ikkje nødvendigvis dei totale utgiftene, ettersom heimebaserte tenester også krev ressursar når brukarane har omfattande behov.
- Auke i talet på yngre brukarar, som krev omfattande og langvarige tenester.
- Delen foreldre med tilbod om avlastning i institusjon for barn med nedsett funksjonsevne er aukande.

Kommunehelse og førebyggjande helsearbeid

Fastlegeordninga

Tiltaket med å tilsette ein fjerde fastlege har gitt tydeleg effekt i 2025. Listelengdene i kommunen ligg no under landsgjennomsnittet. Samtidig er tal årsverk per 10 000 innbyggjarar høgare enn både samanliknbare kommunar og landet totalt. Dette styrkar tilgangen på fastlegetenester og gjer kommunen betre i stand til å tilby stabil legekapasitet til eigne innbyggjarar, ivareta deltidsinnbygarane og sikre ei stabil utnytting av legeressursen over tid.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Talet på årsverk i helsestasjon og skulehelsetenesta har auka over fleire år, og veksten har halde fram i 2025 gjennom eksternt finansierte prosjekt. Kommunen ligg no over landsnittet når det gjeld årsverk per innbyggjar, men framleis noko under samanliknbare kommunar i KOSTRA-gruppa. Satsinga har gitt auka kapasitet til tettare og meir systematisk oppfølging i både skular og barnehagar. Kommunen har kunne etablere og drifte barnehage- og skulehelseteam og har betra oppfølginga av omfattande enkeltsaker, noko som styrkar førebyggjande arbeid og tidleg innsats.



Bustad og bustadsosialt arbeid

Driftsutgifter til kommunale bustader

Brutto driftsutgifter per innbyggjar til kommunale bustader har auka i 2025 og ligg framleis godt over landssnittet og samanliknbare kommunar. Den viktigaste årsaka er stor busetting av flyktningar og kollektivt fordrivne, som krev fleire bustader, kort responstid og tett oppfølging.

Forklarande døme:

- Hyppig bruk av mellombelse, framleigde bustader gjer at kommunen ofte må betale marknadspris for leige.
- Auka vedlikehaldsbehov som følgje av høg rotasjon mellom bebuarar.
- Kostnader til tilpassing av bustader for personar med særskilde behov (t.d. barnefamiliar, personar med funksjonsnedsetting).

Busetting av vanskelegstilte og bruk av kommunale og framleigde bustader

Kommunen har i 2025, som tidlegare år, busett eit høgt tal flyktningar og kollektivt fordrivne i forhold til innbyggartal. Delen som blir busett i kommunale bustader eller framleigebustader er 61 % av dei som blir busett i kommunal bustad eller framleige bustad er i Øystre Slidre kommune flyktningar. Talet er vesentleg høgare enn samanliknbare kommunar (36%) og landsgjennomsnittet (21%). Dette skapar press på den kommunale bustadmassen.

Startlån og bustadsosiale verkemiddel

Kommunen overtok i 2025 forvaltninga av startlån og husbanken sine bustadsosiale verkemiddel, med mål om å styrke innsatsen for innbyggjarar som er vanskelegstilte på bustadmarknaden. Delen innvilga startlån har auka etter at kommunen overtok forvaltninga. Dette legg til rette for auka sjølvstende, betre bu-stabilitet og raskare overgang frå kommunale bustader til eigd bustad. Målretta bruk av startlån gir fleire moglegheit til å etablere seg i eigen bustad, noko som på sikt reduserer behovet for kommunale bustader.

Høge bu-utgifter og bustøtte

Kommunen har vore avhengig av å leige bustader frå private for vidare framleige. Dette har bidrege til auka leigeprisar lokalt. Samstundes er arbeidsmarknaden pressa, med fleire i låginntekstssituasjon. Dette fører til at delen mottakarar av bostøtte er godt over nivået i samanliknbare kommunar og landet elles.

Mellombelse bu-tilbod

Samfunnsutviklinga dei siste åra viser at fleire slit med å ivareta bu-forholda sine, noko som gir auke i behovet for mellombelse bu-tilbod. Denne tendensen gjeld også for Øystre Slidre kommune. Trass dette har kommunen arbeidd målretta med alternative løysingar, og ingen har budd i mellombelse bu-tilbod i meir enn tre månader.

Sosialhjelp

Utvikling i sosialhjelpsmottakarar

Øystre Slidre kommune har dei siste åra hatt ein auke i delen innbyggjarar som mottek økonomisk sosialhjelp. Auken er høgare enn i samanliknbare kommunar og over landsgjennomsnittet. Dette er ein del av ein større samfunnstrend, men fleire forhold gjer utslaget tydelegare i Øystre Slidre.

Utbetalingane per mottakar har auka i kommunen. Dette heng saman med både høge bu-utgifter og eit større behov for økonomisk støtte i lengre periodar for delar av brukargruppa.



Forklarande døme :

- Høge bu-utgifter lokalt, blant anna som følgje av høgt press på utleigemarknaden og mange framleigebustader, gjer at fleire ikkje klarer å dekkje nødvendige bu-utgifter med egne inntekter.
- Auka del innbyggjarar med samansette utfordringar, til dømes psykiske helseutfordringar, rusproblematikk eller manglande arbeidserfaring, gjer at fleire i periodar står utan inntekt.
- Stram arbeidsmarknad, med avgrensa tilgang til deltids- og ufaglærte stillingar, gjer det vanskeleg for enkelte å få fotfeste i arbeidslivet.
- Høg del flyktningar og kollektivt fordrivne, som treng tid for å etablere seg i arbeid og stabil økonomi, bidreg til fleire mottakarar av sosialhjelp.

Barnevern

Netto driftsutgifter pr barn med tiltak har gått markant ned, og er lågare enn dei siste åra.

Driftskostnaden pr barn med tiltak er no på kr 348 951,- og vi ligg under kostragruppa og landet. Årsaka til reduksjonen er i hovudsak at vi drifter tiltak i heim med egne rekrutterte tilsette i staden for å leige inn konsulentar. Øystre Slidre kommune har hatt spesielt dyre hjelpetiltak i heimen frå konsulentar, tiltak som no blir ivaretake av egne rekrutterte ressursar.

Vi ligg høgt på driftsutgifter pr innbyggjar 0-17 år med kr 29 820,- mot kr 20 399,- i kostragruppa og kr 16 950,- i landet. Dette heng saman med at vi ligg høgt på andel barn med barnevernstiltak i forhold til innbyggjarar 0-17 år med 4,8%. Kostragruppa ligg her på 2,9 og landet 2,2.



Tekniske tenester

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Verksemd	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %	
400-Felles tekniske tenester (ikkje i bruk)	3	0	0	0	0,0 %	
420-Teknisk drift	40 164	40 471	41 479	-1 008	-2,5 %	
450-Næring plan og byggesak	11 851	13 154	12 972	182	1,4 %	
Sum	52 018	53 625	54 451	-826	-1,5 %	

Kommentar til status økonomi

Rekneskapen for tekniske tenester samla viser eit meirforbruk på 826`:

Teknisk drift (meirforbruk 1.008`):

Meirforbruket kan i hovudsak forklarast med:

- Vedlikehald bygg. Kameraovervaking, nytt nettverk og nye sikringsskap på ØSUS og bytte av elkjel på Løken kom på under vegs i året med om lag 300` kr.
- Rekneskapsførte utgifter til hærverk på ØSUS er på om lag 330` kr. Eigne arbeidstimar kjem i tillegg.
- Straum og fjernvarme vart om lag 1.000` kr meir enn budsjettert. Prisen har vore forholdsvis høg i 2025.
- Utgifter til serviceavtaler auka meir enn forventa med om lag 200` kr.
- Vedlikehald veg: Lite snø og ny driftsavtale på vintervedlikehald ga eit resultat på om lag 730` under budsjett.
- Reinhold, heimhjelp og vaskeri gjekk samla sett omlag 400` kr under budsjett grunna myke sjukefråvær.

Særskilt om Løken gard:

Løken gard i Volbu som kommunen eig, består av ei rekke bygningar og store jordvidder. Jordviddene er leigd ut til Graminor, med ein langsiktig avtale. Nasjonalt senter for fjellandbruk har base på Løken gard, og betaler leige for Løken tilsvarande den delen av utgiftene som ikkje blir betalt av anna utleige/inntekter. Per 2025 er det betalt meir leige enn utgiftene tilseier, og overskotet på 592` er avsett til eige bunde fond i kommunen. Vi vil nytte desse midla til finansiering av enøk/varmepumpe-investeringar i 2026 (påbyrja 2025). Investeringa vil medføre lågare straumutgifter, noko som vil medføre lågare leige for senteret framover. Vi foreslår budsjettendring i 2026 på 592` i bruk av fondet til denne investeringa (jf. oversikt i vedlegg).



Næring plan og byggesak (mindreforbruk 182`):

Mindreforbruk på NPB kan i hovudsak forklarast med

- Mindre utgifter på tilskot / prosjekt; 556` lågare utgifter enn budsjettert. Vi viser til vedlegg 1 til årsrapporten for bruk av eigeidomsattemiddel. Viktigaste avvika er på Beitebruksplan (73` av 300`). Jf. økonomiplan 2026 skal unytta midlar overførast til 2026. Budsjettendingar er foreslått i vedlegg. Elles er det mindre summar på enkelte andre prosjekt.

Ordinær drift gjekk samla sett omlag som budsjettert.

Ein svært stor del av aktiviteten på næring, plan og byggjesak er sjølvkostområde som er saldert i null mot bundne fond. Viser til omtale av sjølvkostområda nedanfor.

Sjølvkostområde:

Tekniske tenester består av ein stor del sjølvkostområde, der kommunestyret har vedteke at tenestene skal vera fullfinansiert ved gebyr. Meir-/mindreforbruk det enkelte år blir saldert mot bundne fond, og viser ikkje på botnlinja i kommunerekneskapen.

Samla gjekk sjølvkosttenestene med 4,8 mill. i underskot i 2025. Det er 4,3 mill. svakare enn budsjettert.

Nedanfor ser vi oversikt over dei ulike sjølvkostområda (og i vedlegg følgjer den i litt større format).

Resultat 2025	Vatn			Avløp			Bygge-/delesak, private planforslag			Spreidd avløp			Oppmåling			Totalt sjølvkost m fond		
	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik	Regnsk	Budsj	Bud-avvik
Gebyrinntekter	14 125	16 890	-2 765	19 370	21 793	-2 423	2 343	4 934	-2 591	157	331	-174	981	801	180	36 976	44 749	-7 773
Lønn mv.	-3 271	-3 482	211	-4 882	-4 528	-354	-2 975	-3 767	792	-750	-541	-209	-705	-783	78	-12 583	-13 101	518
Varer og tenester	-3 306	-3 740	434	-5 522	-7 177	1 655	-490	-1 130	640	-56	-52	-4	-149	-313	164	-9 523	-12 412	2 889
Indirekte kostnader	-617	-495	-122	-871	-660	-211	-316	-516	200	-33	-39	6	-39	-104	65	-1 876	-1 814	-62
Avskrivning og renter	-8 815	-8 878	63	-8 991	-9 042	51	0	0	0	0	-	-	-17	0	-17	-17 823	-17 920	97
Sum kostnader mv.	-16 009	-16 595	586	-20 266	-21 407	1 141	-3 781	-5 413	1 632	-839	-632	-207	-910	-1 200	290	-41 805	-45 247	3 442
Overskot/underskot-	-1 884	295	-2 179	-896	386	-1 282	-1 438	-479	-959	-682	-301	-381	71	-399	470	-4 829	-499	-4 331
Avset./bruk fond	1 884	-295	2 179	896	-386	1 282	1 438	479	959	682	301	381	-71	399	-470	4 829	499	4 331
Avset.renter fond (-)	6	0	6	30	0	30	103	0	103	-45	-	-45	-62	0	-62	32	0	32
Balansen:																0	0	0
Fond 01.01.2025 (- er neg)	796	-858	1 654	-241	553	-794	-1 572	-	-1 572	1 337	1 328	9	1 337	976	361	1 657	1 999	-342
Fond 31.12.2025	-1 094	-563	-531	-1 168	939	-2 107	-3 113	-479	-2 634	699	1 028	-329	1 470	577	893	-3 206	1 500	-4 708
Herunder:																		
Neg fond u disp fond	-1 094			-1 168			-3 113									-5 375		
Pos fond u bundne										699			1 470			2 169		

Vesentlege budsjettavvik på sjølvkostområda:

- Vatn har underskot på 1,9 mill. Det er eit meirforbruk på 2,2 mill., som i all hovudsak skuldast lågare gebyrinntekter (2,8 mill.) i form av tilknytingsgebyr. Til fråtrekk kjem noko lågare utgifter (0,6 mill.).
- Avløp har underskot på 0,9 mill. Det er eit meirforbruk på 1,3 mill., som i hovudsak skuldast lågare gebyrinntekter (2,4 mill.) i form av tilknytingsgebyr. Til reduksjon kjem lågare driftskostnader (1,1 mill.) enn lagt til grunn i budsjettet (bl.a. til straum (0,2 mill.), vedlikehald og andre løyvingar).
- Bygge-/delesak /private planforslag har underskot på 1,4 mill. Av dette er det meirforbruk på ca. 1 mill., som skuldast lågare gebyrinntekter (2,6 mill.). Til fråtrekk kjem noko lågare utgiftsnivå (1,6 mill.) enn budsjettert, og som omfattar både på lønn og utgifter.
- Spreidd avløp har meirforbruk på 0,7 mill. Det vart planlagt 0 i årsgebyr, men budsjettert inn noko løpande gebyr. Desse kom ikkje inn i så stor grad som planlagd, ein budsjettsvikt på 0,2 mill.. Det vart samstundes gjort eit arbeid for å koma meir ajour med tilsyna. Det medførte i lønnsutgifter (0,2 mill.) enn budsjettert.



- Oppmåling har eit lite overskot (71´) og eit mindreforbruk på 0,5 mill. som dels skuldast høgare inntekter (0,2 mill.) og lågare kostnader (0,3 mill.).

Sjølvkostfonda er samla redusert med vel 4,8 mill. i 2025, til samla negativt på 3,2 mill. per 2025, som fordeler seg slik:

- Negative fond med totalt 5,4 mill. (vatn -1,1 mill., avløp -1,2 mill., private planer/bygge-/delesak - 3,1 mill.). Desse står i rekneskapen som negative fond under disposisjonsfond (grunna rekneskapsregelverket). Desse sjølvkostområda «låner» av generaløkonomien sitt disposisjonsfond, og kan dekkast inn seinare år.
- Positive sjølvkostfond på 2,2 mill. (spreidd avløp 0,7 mill., oppmåling 1,5 mill.). står under bundne fond.



Status måltabell

Mål	Indikator	Kommentar 2025	Mål 2025	Resultat 2025
Hovudmål:				
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.				
Delmål:				
Vi vil vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal redusere sjukefråværet med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023	Sjukefråvær redusere med 3 prosentpoeng i høve nivået i 2023		7,6 %	9,2 %
Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Innanfor budsjett		100,0 %	101,5 %
Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.febr. kvart år.	Del av bygningar som er lagt inn i matrikkel før 1.februar		100,0 %	100,0 %
Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år.	Antal tilsyn spreidd avløp		10	129
Vi skal halde alle fristane i plan- og bygningslova for byggesaker.	Antall søknader med saksbehandlingstid over lovpålagt tid		0	1
Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.	Alle bustader og fritidsbustader som har ein kostnad for framføring og tilknytning på under kr 300.000, skal knyttast til kommunalt VA-anlegg.	Låg aktivitet på nye tilkoplinger, pt er det lite kapasitet til å ta imot meir avløpsvatn.		0
Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av	Ecoli: Andel rentvannprøver med tilfredsstillande prøveresultat	1 prøve utanfor grenseverdien.	100,0 %	98,8 %
	Farge: Andel rentvannprøver med tilfredsstillande prøveresultat	Alle OK	100,0 %	100,0 %
	Intestinale enterokokker: Andel rentvannprøver med tilfredsstillande prøveresultat	Alle OK	100,0 %	100,0 %
Hovudmål:				
Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.				
Delmål:				
Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.	Tal på nye driftsbygningar med ferdigattest i året		2	1
Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen.	Arealdelen av kommuneplanen er revidert - ja=1, nei=2	Motsegn på planen pga manglande resipientkapasitet ikkje løyst	1	2
Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal.	Kommunen har kommunale næringsseigedomar og bustadtomter for sal - ja=1, nei=2		1	1
Vi skal til utarbeide kommunedelplan for naturmangfold (2026)	KDP for naturmangfold vedtatt, 1=ja, 2=nei	Utsett pga kommuneplanens arealdel - blir vedtatt	1	2



KOSTRA Nøkkeltal

	Øystre Slidre 2024	Øystre Slidre 2025	Kostra-gruppe 04	Landet utan Oslo
Prioritet				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	49,5	29,9	18,7	15,9
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *	4 083	4 425	2 344	
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6 %	0,5 %	0,5 %	
Netto driftsutgifter til administrasjonslokaler per innbygger (B) *	990	859	698	555
Netto driftsutgifter til forvaltning av eiendom per innbygger (kr) *	147	139	527	500
Netto driftsutgifter til institusjonslokaler per innbygger (B) *	3 788	3 567	2 126	1 398
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per km (kr) *	250 942	195 485	129 046	207 364
Netto driftsutgifter til skolelokaler per innbygger (B) *	4 241	4 234	2 970	2 937
Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	1,3 %	1,3 %	1,3 %	
Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *	2 084	2 070	1 785	
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B) *	11 002	10 736	2 525	1 202
Produktivitet				
Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) (B) *	6 934		2 532	1 388
Herav energikostnader til administrasjonslokaler per kvadratmeter, administrasjonslokaler, konsern *)	150	0	181	150
Herav energikostnader til institusjonslokaler per kvadratmeter, konsern *)	155	0	191	168
Herav energikostnader til skolelokaler per kvadratmeter, konsern *)	166	0	158	129
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *	9 108	7 527	7 862	6 451
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr) *	6 596	5 949	6 828	5 830
Dekningsgrad				
Avløp - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (B)	52,9 %		60,5 %	87,2 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning (B)	20,9 %	20,7 %	58,9 %	83,8 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	60,2 %	60,2 %		87,4 %
Vann - Andel av husholdningsabonnentene som har installert vannmåler	85,0 %	85,0 %		46,9 %
Kvalitet				
Søknader i samsvar med plan Byggesøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	9	5	19	24
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *	685	686	767	674
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr) *	18 892	18 910	16 792	19 386
Kommunekasse				
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse) *) **)	672	420	328	163
Netto driftsutgifter per innbygger (360) naturforvaltning og friluftsliv (B) (Kommunekasse) *) **)	474	664	227	210

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Sakshandsamingstid (under kvalitet)

På dette området ligg kommunen i 2025 godt under snittet både i kostragruppa og i heile landet utanom Oslo. Det er ein nedgang sidan 2024. Årsaka til dette er i hovudsak mindre aktivitet som gir utslag i færre søknadar på større tiltak.

Byggjesaksgebyr for oppføring av einebustad (under Grunnlagsdata)

Byggjesaksgebyret for einebustader har ein liten auke frå 2024 til 2025. Vi ligg framleis godt over snittet i kostragruppa, men under gjennomsnittet for heile landet utanom Oslo.

Tilrettelegging og bistand for næringslivet (under Prioritet)

Kommunen nyttar ein betydeleg sum til støtte og bistand for næringslivet. For brutto driftsutgifter i prosent av totale utgifter ligg vi i 2025 på 1,3 %. Det er same nivå som 2024, og som kostragruppa. I brutto driftsbeløp per innbyggjar ligg vi i 2025 på 2.070. Det er ein liten nedgang frå året før (2084), men godt over snittet i kostragruppa (1.785).

Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling (under Prioritet og Kommunekasse)

Kommunen ligg i 2025 på same snitt som i kostragruppa (0,5 %), som er ein liten nedgang frå året før (0,6 %) når ein ser på brutto driftsutgifter i prosent av totale utgifter. For netto driftsutgifter per innbyggjar er kommunen i 2025 (420) ein god del høgare enn både kostragruppa (328) og heile landet utanom Oslo (163). Det blir nytta mykje midlar på ei støtteordning som supplerer tilskot frå Innovasjon Norge i nybygg og ombygging av driftsbygningar.

Naturforvaltning og friluftsliv (under Kommunekasse)

Vi har ei auke frå 474 i 2024 til 664 i 2025. Her ligg vi vesentleg høgare enn kostragruppa (227) og landet utanom Oslo (210).

Utrykkingar til brannar og anna (under Prioritet)

I tabellen for kostra står det 29,9 utrykkingar pr 1000 innbyggjar. Talet på utrykkingar har gått litt ned frå 2024, men er høgare enn kostragruppe 4 og landet utanom Oslo. I Øystre Slidre kommune er det eit stort tal utrykkingar til automatiske brannalarmer som ikkje er reell brann, blant anna til Beitostølen grunna stor reiselivs- og hytteaktivitet. Dette dreg opp snittet per innbyggjarar i forhold til kostragruppene. Vi viser elles til årsrapporten til selskapet www.valdresbrannvesen.no.

Årsgebyr for feiing (under Kvalitet)

Årsgebyr for feiing held seg stabilt lågare enn kostragruppa, men litt høgare enn landet (utan Oslo).

Vatn og avløp (under Prioritet, Produktivitet og Dekningsgrad)

Øystre Slidre kommune har høg aktivitet på investeringsprosjekt, store avstandar og fleire vassverk og reinseanlegg å drifte. Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Det tek noko tid før alle er tilkopla til nye anlegg. Dette er faktorar som bidreg til relativt høge driftsutgifter per innbyggjar og per tilknytte innbyggjar i forhold til kostragruppe 4 og landet utanom Oslo. Gebyrnivået er litt høgare enn kostragruppe 4 og landet utanom Oslo. Del av befolkninga som er knytt til kommunalt vatn og avløpsanlegg ligg godt under landet (utan Oslo), og ligg også under kostragruppa. Vi har vedteke planer om å auke delen knytt til kommunale anlegg. Ein stor del (95%) av abonnentane i Øystre Slidre har installert vassmålar, dette bidreg til rettferdig fordeling av dei variable utgiftene.



Kommunen si innrapportering vart i fyrste runde mangelfull på dette området, men er retta slik at tala skal koma ut rett i endeleg kostra-publisering våren-26.

Kommunale bustader (under Prioritet)

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader per innbyggjar har auka frå 2024 til 2025. Kommunen sine kostnader per innbyggjar er høgare enn kostragruppe 4 og også høgare enn landet (utan Oslo). Kommunen har ein stor del eldre bustader, noko som bidreg til høgare utgifter. Kommunen har også busett mange flyktningar dei seinare åra, noko som bidreg til vesentleg høgare kostnad for kommunale bustader per innbyggjar. Dei auka kostnadene knytt til flyktningbustader er kompensert frå staten ved auka integreringstilskot.

Kommunal veg (under Prioritet)

Driftsutgiftene til kommunale vegar per km har gått ned i 2025. Noko av grunnen til dette er ein ny avtaleperiode på vintervedlikehald og tettare oppfølging av entreprenørane. Resultatet ligg likevel over kostragruppe 4, men no under landet utan Oslo.

Kommunale bygg (under Kommunekasse), m.a. energikostnader (under Produktivitet)

Netto utgifter per m² til administrasjonslokale, skulelokale og institusjonslokale har gått ned i 2025, men ligger over kostragruppe 4 og landet utanom Oslo. Det blir praktisert ein tettare oppfølging av vedlikehaldsplan for å nå budsjettet, noko som bidreg til lågare aktivitet / vedlikehald på bygningane. Dette vil medføre eit etterslep som må takast seinare.



Årsrekneskap med notar

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025
Rammetilskot		-135 084	-142 932	-143 472	-147 063
Inntekt- og formuesskatt		-124 576	-134 168	-134 168	-131 880
Eigedomsskatt		-31 800	-32 040	-32 040	-32 110
Andre generelle driftsinntekter		-7 166	-7 738	-7 738	-7 439
Sum generelle driftsinntekter		-298 626	-316 878	-317 418	-318 491
Korrigert sum løyvingar drift, netto		268 827	274 057	262 597	274 449
Avskrivningar	4	30 041	32 115	32 115	31 477
Sum netto driftsutgifter		298 869	306 172	294 712	305 926
Brutto driftsresultat		243	-10 706	-22 706	-12 566
Renteinntekter		-8 996	-6 890	-6 890	-7 621
Utbytte		-3 756	-3 155	-3 155	-3 729
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel		0	0	0	0
Renteutgifter		25 799	24 367	24 367	24 163
Avdrag på lån	8	22 178	25 190	25 190	25 190
Netto finansutgifter		35 226	39 512	39 512	38 003
Motpost avskrivningar		-30 041	-32 115	-32 115	-31 477
Netto driftsresultat		5 427	-3 309	-15 309	-6 039
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering		3 570	6 450	9 912	9 912
Avsetningar til bundne driftsfond	11,12	8 037	23 875	23 875	4 148
Bruk av bundne driftsfond	11,12	-7 501	-24 456	-25 533	-4 424
Avsetningar til disposisjonsfond	13	2 356	19 606	32 683	22 030
Bruk av disposisjonsfond	13	-11 889	-22 166	-25 628	-25 628
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-5 427	3 309	15 309	6 039
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0



Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025
Politisk leing og kontrollorgan		3 150	3 059	3 292	3 055
Kommunedirektør felles		2 589	8 502	4 029	2 127
Stab		17 687	18 531	19 412	18 015
Felles opplæring og kultur		8 580	6 867	7 314	5 661
ØSUS		13 845	15 720	16 024	16 947
Rogne skule		20 502	17 827	18 304	18 325
Lidar skule		16 442	16 989	17 403	18 016
Rogne barnehage		13 939	14 880	15 749	15 825
Beito barnehage		7 163	7 536	8 021	8 611
Private barnehagar		5 838	6 324	6 324	7 196
Kulturavdelinga		9 778	9 994	10 672	10 741
Integreringstenesta		0	0	182	0
Felles helse og omsorg		17 115	22 780	22 772	21 343
Helse og tilrettelagde tenester		44 869	39 858	41 371	47 862
Førebygging og meistring		38 413	39 523	39 664	41 439
Institusjonstenester		34 725	36 449	36 425	38 657
Felles tekniske tenester (ikkje i bruk)		3	118	0	0
Teknisk drift		40 164	39 660	40 471	41 479
Næring plan og byggesak		11 851	11 975	13 154	12 972
Kraftforvaltning		-12 198	-11 021	-23 021	-23 342
Renter og avdrag		1	0	0	3
Pensjon, finansiering mv. felles		-9 478	-13 109	-16 562	-14 888
Sum løyvingar drift, netto		284 977	292 461	281 001	290 043
Av dette:					
Netto renteutgifter og -inntekter		360	-55	-55	-73
Avsetninger til bundne driftsfond		2 533	18 601	18 601	3 809
Bruk av bundne driftsfond		11 983	-1 262	-1 262	10 737
Avsetninger til disposisjonsfond		2 356	1 120	1 120	1 120
Bruk av disposisjonsfond		-1 082	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto		268 827	274 057	262 597	274 449



Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025
Rammetilskot		-135 084	-142 932	-143 472	-147 063
Skatt på inntekt og formue		-124 576	-134 168	-134 168	-131 880
Eigedomsskatt		-31 800	-32 040	-32 040	-32 110
Andre skatteinntekter		-6 112	-6 674	-6 674	-6 461
Andre overføringer og tilskot frå staten		-32 973	-27 804	-27 804	-27 359
Overføringer og tilskot frå andre		-40 216	-36 169	-36 339	-45 168
Brukarbetalingar		-11 737	-9 705	-9 705	-9 627
Sals- og leigeinntekter		-100 355	-99 335	-111 335	-115 294
Sum driftsinntekter		-482 852	-488 828	-501 538	-514 962
Utgifter til løn	14	214 873	229 234	229 234	227 986
Sosiale utgifter	9	38 462	42 100	42 100	43 080
Kjøp av varer og tenester		168 652	141 092	142 116	165 401
Overføringer og tilskot til andre		31 068	33 580	33 267	34 453
Avskrivningar	4	30 041	32 115	32 115	31 477
Sum driftsutgifter		483 095	478 122	478 832	502 396
Brutto driftsresultat		243	-10 706	-22 706	-12 566
Renteinntekter		-8 996	-6 890	-6 890	-7 621
Utbytte		-3 756	-3 155	-3 155	-3 729
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar		0	0	0	0
Renteutgifter		25 799	24 367	24 367	24 163
Avdrag på lån	8	22 178	25 190	25 190	25 190
Netto finansutgifter		35 226	39 512	39 512	38 003
Motpost avskrivningar		-30 041	-32 115	-32 115	-31 477
Netto driftsresultat		5 427	-3 309	-15 309	-6 039
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering		3 570	6 450	9 912	9 912
Avsetningar til bundne driftsfond	11,12	8 037	23 875	23 875	4 148
Bruk av bundne driftsfond	11,12	-7 501	-24 456	-25 533	-4 424
Avsetningar til disposisjonsfond	13	2 356	19 606	32 683	22 030
Bruk av disposisjonsfond	13	-11 889	-22 166	-25 628	-25 628
Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-5 427	3 309	15 309	6 039
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0



Oversikt over budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar

Drift (§ 5-9)	2025
Netto driftsresultat (+ er positivt)	6 039
Avsetjing til bundne driftsfond	-4 148
Bruk av bundne driftsfond	4 424
Overføring til investering iht.budsjett	-9 912
Avsetjing til disposisjonsfond iht.budsjett	-32 683
Bruk av disposisjonsfond iht.budsjett	25 628
Årets budsjettavvik (meirforbruk før strykingar)	-10 653
Stryking avsetning til disposisjonsfond	10 653
Meirforbruk etter strykingar	-

Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisp.

Inv. (§ 5-9)	2025
Sum utgifter og inntekter eksklusive bruk av lån (netto utg.er negativt)	-42 961
Avsetjing til bundne investeringsfond	-772
Bruk av bundne investeringsfond	1 961
Budsjettert bruk av lån	39 971
Overføring frå drift til investering iht.budsjett	9 912
Årets budsjettavvik (udisponert før strykingar)	8 111
Stryking av bruk lån	-8 111
Udisponert etter strykingar	-
* Derunder	
* Meir bruk av lånemiddel frå Husbanken til vidareutlån	910
* Mindre bruk av ordinære lånemiddel	-9 021
Sum	-8 111



Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025
Investeringar i varige driftsmidlar	1	47 236	84 430	56 856	47 479
Tilskot til andre sine investeringar		129	0	0	47
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5	840	900	914	914
Utlån av egne midlar	6	0	0	6 118	6 118
Avdrag på lån		0	0	0	0
Sum investeringsutgifter		48 205	85 330	63 887	54 557
Kompensasjon for meirverdiavgift		-1 236	-6 494	-4 448	-3 931
Tilskot frå andre		-6 257	-1 970	-3 318	-5 711
Sal av varige driftsmiddel	4	-1 493	-1 000	-1 000	-2 810
Sal av finansielle anleggsmiddel		0	0	0	0
Utdeling frå selskap		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel		0	0	-2 239	-2 239
Bruk av lån		-42 204	-64 416	-37 971	-28 950
Sum investeringsinntekter		-51 191	-73 880	-48 975	-43 641
Vidareutlån		2 370	2 000	2 000	2 910
Bruk av lån til vidareutlån		-2 370	-2 000	-2 000	-2 910
Avdrag på lån til vidareutlån		336	200	200	509
